



Møteinnkalling

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	01.09.2021
Tid:	11:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 664 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet
Ordførar
Revisor
Rådmann

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
Godkjenningssaker			
GK 9/21 GK 10/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.05.2021	2019/143	
Politiske saker			
PS 18/21	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - revisjonsrapport	2020/204	
PS 19/21	Forvaltningsrevisjon - Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - handlingsplan	2020/139	
PS 20/21	Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 26 - orientering frå rådmannen	2019/135	
PS 21/21	Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Fitjar kommune skal gå inn som eigar	2014/34	
PS 22/21	Budsjett 2022 for kontrollutvalet	2020/174	
PS 23/21	Bestilling av kurs frå Deloitte	2014/427	
PS 24/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 25/21	Eventuelt	2020/64	
Referatsaker			
RS 8/21	Invitasjon til folkevaldopplæring	2014/427	
RS 9/21	Invitasjon til Kontrollutvalgslederskolen 2021	2020/70	
RS 10/21	FKT - Medlemsinformasjon juni 2021	2020/70	

Godkjenningssaker
GK 9/21 Godkjenning av innkalling og saksliste



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/143-20
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	10/21	01.09.2021

Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.05.2021

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 12.05.2021 er vedlagt saka.



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Kommunestyresalen, Rådhuset
Dato:	12.05.2021
Tid:	10:00 - 10:45

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoll	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann (via Teams)
Svein Dale Soleng	Ass. Rådmann/personalsjef
Trond Salmo	Økonomisjef
Else Holst-Larsen	Partner Deloitte AS
Frode Løvlie	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS (via Teams)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoll
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 7/21 GK 8/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.04.2021	2019/143	
	Politiske saker		
PS 14/21	Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Fitjar kommune - Uttale frå kontrollutvalet	2019/135	
PS 15/21	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - statusrapportering	2020/204	
PS 16/21 PS 17/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval Eventuelt	2019/138 2020/64	
	Referatsaker		
RS 6/21	Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) - avgjørelse i sak Fronta AS og Fitjar kommune	2014/71	
RS 7/21	FKT - medlemsinformasjon april 2021	2020/70	

Godkjenningssaker

GK 7/21 Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

GK 8/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 14.04.2021

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 14.04.2021.

Vedtak

Protokoll frå møte 14.04.2021 vart godkjent.

Politiske saker

PS 14/21 Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Fitjar kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 26 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 01.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Rådmannen innleia i saka og orienterte mellom anna om dette:

- Godt økonomisk resultat
- Auka inntekter
- Lågare lønnsvekst
- Fått dekkja utgifter som følgje av Covid-19 frå staten
- Har nådd krava frå kommunestyret
- 2020 vart prega av pandemien, men har klart å levera tenester
- Høg aktivitet i kommunen
- Investeringsstakten er stort sett i henhold til plan

Partner i Deloitte AS melde om at det er levert ei rein revisjonsberetning og at det er nokre punkt i revisjonsrapport nr.26 som må forbeistrast.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2020.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 26 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 01.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.

PS 15/21 Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS – statusrapportering

Forslag til vedtak

Informasjonen vert teken til orientering

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om status i arbeidet og at revisjonen har starta arbeidet med å gjera ferdig rapporten.

Forvaltningsrevisor informerte og om at samarbeidet med selskapet og kommunen er tilfredsstillande.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

Vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 16/21 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

PS 17/21 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det var ingen saker til handsaming.

Vedtak

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Referatsaker

RS 6/21 Klagenemnda for offentlige anskaffelser (KOFA) - avgjørelse i sak Fronta AS og Fitjar kommune

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

RS 7/21 FKT - medlemsinformasjon april 2021

Saksprotokoll 12.05.2021 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune

Handsaming i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/204-6
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	18/21	01.09.2021

Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

1. Fitjar kommune ber om at rådmannen følgjer opp dei forholda slik det kjem fram av revisjonsrapporten på s. 31 og 32.
2. Fitjar kommune henstiller om at selskapet følgjer opp dei forholda slik det kjem fram på s.32 i rapporten
3. Kommunestyret ber om at det vert gjeve tilbakemelding (handlingsplan) til kontrollutvalet frå rådmannen og leiinga i selskapet innan 1. november, om korleis vedtaket vert fulgt opp

Samandrag

Kontrollutvalet har bestilt forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Sekretariatet har motteke revisjonsrapporten innan fristen, og kontrollutvalet skal handsame denne i dette møte. Kontrollutvalet skal gje innstilling til kommunestyret som skal fatte endeleg avgjerd i saka. Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen og selskapet om å koma med ei tilbakemelding på revisjonsrapporten.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Revisjonsrapport - Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS i møte 27.11.2020, det det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS*
2. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 04.01.2021.*
4. *Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 20.01.2021.*

Føremålet med forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen er:

«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere Fitjar kommune si eigarstyring i Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Vidare er det eit føremål å undersøkje om selskapet har tilfredsstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet (inkludert med omsyn til økonomi).

Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen undersøkt følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar?
 - a) I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b) I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i askjelova?
 - c) I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
 - d) I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
 - e) I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. Er styret si oppfølging av selskapet tilfredsstillande?
3. I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll i selskapet?
 - a) Organisering, mål og verksemdstrategi
 - b) Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling
 - c) System, rutinar og praksis for utvalde, sentrale arbeidsprosessar knytt til:
 - i) Økonomistyring
 - ii) Anskaffingar
 - d) Rapportering

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Prosjektet er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Deloitte har i revisjonen nytta dokumentinnsamling, dokumentanalyse og intervju.

Som datagrunnlag har revisjonen gått igjennom dokumentasjon og gjennomført intervju. Revisjonen har blitt gjennomført frå februar til mai 2021.

Rådmann har fått rapporten til høyring og meiner at forvaltningsrevisjonsrapporten kring Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS gje ei korrekt framstilling, og har ingen merknadar til denne.

Styreleiar og dagleg leiar frå Fitjar Kultur og Idrettsbygg har og fått rapporten til høyring og har ikkje ytterlegare kommentarer til rapporten.

I kapitel 6. Konklusjon og tilrådingar på side 31 og 32 i rapporten, kjem revisor med slike tilrådingar:

«Overordna er det revisjonen si vurdering at både kommunen si eigarstyring, og styret si oppfølging av selskapet og drifta og organiseringa i praksis fungerer bra, men at det manglar ein del vesentlege system, rutinar og retningslinjer både i kommunen og i selskapet, og vidare at det er manglar ved fleire av dei systema, rutinane og retningslinjene som eksisterer i både kommunen og selskapet.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, tilrår revisjonen at kommunen iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd ei eigarskapsmelding som er i samsvar med lovkrava blir gjennomført, slik som planlagt
2. Sikre at eigarstyringa og -oppfølginga av selskapet blir formalisert og tydeleggjort, inkludert med omsyn til:
 - a) Mål og strategi for eigarskapen
 - b) Oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyring og -oppfølging
 - c) Krav og forventingar til selskapet
 - d) Oppfølginga av selskapet
 - e) Gjennomføring av eigarmøte, inkludert når det gjeld hyppigheit, deltakarar, og agenda
3. Endre vedtektene slik at dei inneheld:
 - a) Kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamling
 - b) At det skal brukast valkomitè for val av styremedlemmar
 - c) At varamedlemmane i styret er numeriske
 - d) At det skal vere kjønnsbalanse i styret
4. Utarbeide formelle retningslinjer for valkomitèen sitt arbeid
 - a) Avklare om kommunen kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita
5. Sikre at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt
6. Sikre at politikarar og eigarrepresentantar får naudsynt opplæring i eigarskapsforvaltning
7. Vurdere tiltak som sikrar at styret har tilsrækkeleg kompetanse

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, tilrår revisjonen at selskaper iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeida:
 - a) Styreinstruks

- b) Instruks for dagleg leiar
 - c) Plan for styret sitt arbeid
 - d) Etske retningslinjer for selskapet
 - e) Styrande dokument for selskapet, som måldokument, verksemdsstrategi og -planar
 - f) Rutinar og retningslinjer for sentrale oppgåver, innkludert for inngåing av leigekontrakter (og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepris) og for handsaming av meirverdiavgift.
2. Syte for at styremedlemmane blir registrert i KS sitt styrevervregister
 3. Sikre at det blir gjennomført årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid
 4. Vurdere tiltak for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i styret, t.d. gjennom styreseminar eller ekstern opplæring av styremedlemmar
 5. Tydeleggjer oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet, og då særleg for dagleg leiar og styreleiar. Dette kan t.d. gjerast gjennom styreinstruks og instruks til dagleg leiar, jf. Tilråding 1 a og 1 b.
 6. Vurdere kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege og formalisere dette.
 7. Gjennomføre ei heilskapeleg og konkret vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet.

Sekretariatet merkar seg at det her føreligg fleire forbetningspunkt for kommunen og selskapet. Det er naturleg at dette vert fulgt opp av kontrollutvalet etter at kommunestyret har fatta endeleg vedtak i saka.

Konklusjon

Kontrollutvalet har eit særskilt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgd opp. Det vert vist til Kommuneleva § 23-2, e) der det står dette:

«kontrollutvalget skal påse at e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandling av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Forslag til innstilling i saksframlegget, byggjer på forslag i rapporten. På bakgrunn av dette vert det tilrådd at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ber rådmannen og selskapet om å koma med ei tilbakemelding på revisjonsrapporten.



Eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon | Fitjar kommune Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS

Juni 2021

«Eigarskapskontroll med
forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og
Idrettsbygg AS»

Juni 2021

Rapporten er utarbeidd for Fitjar
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen, 5892
Bergen
tlf: 55 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Samandrag

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS i Fitjar kommune. Føremålet med prosjektet var å undersøkje og vurdere Fitjar kommune si eigarstyring av selskapet. Det var òg eit føremål å undersøkje om selskapet har tilfredsstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet (inkludert med omsyn til økonomi).

Som datagrunnlag har revisjonen gått igjennom dokumentasjon og gjennomført intervju. Revisjonen har blitt gjennomført frå februar til mai 2021.

Føremålet med Fitjar kommune sin eigarskap i selskapet er tydeleg og avklart, og går fram både i vedtekter og i styrande dokument. Kommunen har ikkje vedteke overordna eller selskapspesifikke prinsipp for eigarstyring, og har heller ikkje formalisert kven som har kva oppgåve og ansvar knytt til eigarskapsstyring. Heller ikkje eigarskapsoppfølginga er formalisert. Og sjølv om eigarstyring, eigarskapsoppfølginga, og sjølv samhandlinga mellom kommunen og selskapet i det alt vesentlege verkar å fungere bra, er både kommunen og selskapet samde om behovet for ei meir formalisert eigarstyring og eigarskapsoppfølging. Prinsipp for eigarstyring og oppgåve og -ansvarsdeling knytt til dette kan med fordel inngå i kommunen si planlagde eigarskapsmelding.

Det har blitt gjennomført **generalforsamlingar** i FKIB AS dei siste åra i samsvar med krav i aksjelova. Det er **ordføraren** som er kommunen sin **eigarrepresentant**, og som deltek på vegner av kommunen i generalforsamlingane. At ordføraren er kommunen sin eigarrepresentant følgjer av sedvane, og det er ikkje fatta noko formelt vedtak om dette. Dette er ikkje i samsvar med regelverket, som stiller krav om at dersom aksjeeigar ikkje sjølv stiller i generalforsamling, skal fullmektig ha skriftleg fullmakt.

FKIB nyttar **valkomité** som fremjar forslag til **styrekandidatar** til generalforsamlinga. Bruk av slik valkomité bør inngå i vedtektene. Det er ikkje eintydig om kommunen som majoritetsaksjonær kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita. Dette må avklarast.

Det kjem ikkje fram indikasjonar på at **styret** ikkje følgjer opp selskapet på ein tilfredsstillande måte. Det blir gjennomført styremøte, og i desse møta handsamar styret både budsjett, rekneskap og driftsrelaterte spørsmål. Lite av styrearbeidet er formalisert. Det manglar mellom anna ein plan for styret sitt arbeid, det er ikkje utarbeidd styreinstruks eller instruks for dagleg leiar, det blir ikkje gjennomført eigenevalueringar av styret sitt arbeid, og det blir heller ikkje gjennomført **opplæring** av styremedlemmar. Ingen av styremedlemmane er registrert i KS sitt styrevervregister. Desse manglane bør utbetrast.

Selskapet har i praksis tydelege mål og ei tydeleg organisering, men har verken utarbeidd styrande dokument for drifta eller formalisert oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet. Utarbeiding av styrande dokument vil kunne bidra til betre styring av selskapet, og gje eigarane av selskapet og brukarane av bygget ein betre forståing for kva mål, strategi og planar selskapet har, medan ei meir formalisert oppgåve- og ansvarsdeling kan bidra til å redusere sårbarheita som følgjer av at selskapet er avhengig av nokre få, sentrale ressurspersonar.

Selskapet har ikkje skriftlege rutinar for sentrale arbeidsprosessar. Sjølv om selskapet er lite og oversiktleg, aukar manglande rutinar og retningslinjer risikoen for at oppgåver ikkje blir løyst, for at same oppgåve blir løyst ulikt, og for at oppgåver blir løyst i strid med regelverk. Manglande rutinar og retningslinjer gjer òg at selskapet er sårbart ved eventuelle utskiftingar av sentrale ressurspersonar. For å redusere risikoen som følgjer av slik sårbarheit, bør selskapet utarbeide rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver. Dette gjeld særleg for arbeidet knytt til inngåing av leigekontraktar. Slike retningslinjer vil gje auka føreseielegheit for både selskapet, eigarane og leigetakarane når det blir inngått nye leigekontraktar eller gamle leigekontraktar blir reforhandla. I tillegg vil slike retningslinjer bidra til auka gjennomsiktighet og etterprovbarheit.

Revisjonen sine tilrådingar er å finne i kapittel 6.

Innhald

1	Innleiing	7
2	Om selskapet	9
3	Eigaroppfølging	12
4	Styret si oppfølging av selskapet	19
5	Internkontroll	22
6	Konklusjon og tilrådingar	31
	Vedlegg 1 : Høyringsuttaler	33
	Vedlegg 2 : Kontroll- og revisjonskriterium	34
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	39

Detaljert innhald

1	Innleiing	7
1.1	Bakgrunn	7
1.2	Føremål og problemstillingar	7
1.3	Avgrensing	7
1.4	Metode	7
1.4.1	Dokumentanalyse	8
1.4.2	Intervju	8
1.4.3	Verifisering og høyring	8
1.5	Kontroll- og revisjonskriterium	8
2	Om selskapet	9
2.1	Innleiing	9
2.2	Økonomisk situasjon	10
3	Eigaroppfølging	12
3.1	Problemstilling	12
3.2	Kontroll- og revisjonskriterium	12
3.3	Mål med og strategi for eigarskapen i FKIB	13
3.3.1	Skipingsdokumentar og vedtekter	13
3.3.2	Selskapsoversikt og eigarstrategi	13
3.3.3	Kommunen sine føringar og krav til selskapet	14
3.3.4	Vurdering	14
3.4	Eigarstyring	14
3.4.1	Generalforsamling	14
3.4.2	Eigarrepresentant	15
3.4.3	Vurdering	15
3.5	Styresamansetting	16
3.5.1	Styreval	16
3.5.2	Styresamansetting	16
3.5.3	Vurdering	17
3.6	Oppfølging av selskapet	17
3.6.1	Datagrunnlag	17
3.6.2	Vurdering	18
3.7	Rapportering og informasjon frå FKIB til kommunen	18
3.7.1	Datagrunnlag	18
3.7.2	Vurdering	18
4	Styret si oppfølging av selskapet	19
4.1	Problemstilling	19
4.2	Kontroll- og revisjonskriterium	19
4.3	Styret si oppfølging av selskapet	19
4.3.1	Om styret og styremøte	19
4.3.2	Instruksar og rutinar	20
4.3.3	Vurdering	20
5	Internkontroll	22

5.1	Problemstilling	22
5.2	Kontroll- og revisjonskriterium	22
5.3	Organisering, mål og verksemdstrategi	23
5.3.1	Organisering	23
5.3.2	Mål og verksemdstrategi	23
5.3.3	Vurdering	24
5.4	Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling	24
5.4.1	Datagrunnlag	24
5.4.2	Vurdering	25
5.5	System, rutinar og praksis for utvalde arbeidsprosessar	25
5.5.1	System og rutinar	25
5.5.2	Økonomistyring	25
5.5.3	Vurdering	29
5.6	Rapportering	30
5.6.1	Datagrunnlag	30
5.6.2	Vurdering	30
6	Konklusjon og tilrådingar	31
	Vedlegg 1 : Høyringsuttaler	33
	Vedlegg 2 : Kontroll- og revisjonskriterium	34
	Vedlegg 3 : Sentrale dokument og litteratur	39
Figurar		
	Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen.	35
Tabellar		
	Tabell 1: FKIB eigarsamansetting, per 2020	9
	Tabell 2: Leigetakarar, med leigeinntekter for FKIB (per 2020)	9
	Tabell 3: Resultatrekneskap 2016-2020	10
	Tabell 4: Styresamansetjing	16
	Tabell 5: Oversikt over styremøte 2019 og 2020	19
	Tabell 6: Utleigeforholda til FKIB	28

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Deloitte har gjennomført ein eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS i Fitjar kommune. Prosjektet blei bestilt av kontrollutvalet i Fitjar kommune i møte 20. januar 2021 i sak PS 1/21.

Eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS blei prioritert som prosjekt nummer éin i plan for eigarskapskontroll 2020-2024 då kommunestyret vedtok planen. Forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS var uprioritert som prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024 slik denne blei vedteke av kommunestyret. I kommunestyrevedtaka knytt til begge planane går det fram at kontrollutvalet fekk delegert mynde til å gjere omprioriteringar i planane. I bestillinga av prosjektplanen for dette prosjektet i kontrollutvals-møtet 27. november 2020, sak PS 33/20, blei det vedteke at det skulle gjerast ein kombinert eigarskapskontroll med forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Bakgrunnen for kommunestyret si omprioritering og bestillinga av prosjektet er ein pågåande prosess der Fitjar kommune vurderer å yte eit fast, årleg tilskot for å sikre selskapet ei økonomisk forsvarleg drift.¹

1.2 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet har vore å undersøkje og vurdere Fitjar kommune si eigarstyring av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Det har òg vore eit føremål å undersøkje om selskapet har tilfredsstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet (inkludert med omsyn til økonomi).

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som har blitt undersøkt:

1. **Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?**
 - a) I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
 - b) I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i aksjelova?
 - c) I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
 - d) I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
 - e) I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. **Er styret si oppfølging av selskapet tilfredsstillande?**
3. **I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll i selskapet?**
 - a) Organisering, mål og verksemdstrategi
 - b) Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling
 - c) System, rutinar og praksis for utvalde, sentrale arbeidsprosessar knytt til:
 - i) Økonomistyring
 - ii) Anskaffingar
 - d) Rapportering

1.3 Avgrensing

Undersøkinga har fokusert på dei krav og tilrådingar som gjeld for kommunal eigarstyring, utvalde krav til styret, samt generelle internkontrollprinsipp knytt til drifta av selskapet. Revisjonen har ikkje gjennomført stikkprøvar eller gjort samanliknande undersøkingar med omsyn til leigeprisfastsetting eller liknande.

1.4 Metode

Oppdraget er utført i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og standard for eigarskapskontroll (RSK 002). Prosjektet er kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

¹ Sjå vedtak i kommunestyresak PS 92/20, og Fitjar kommune sin økonomiplan for 2021-2024.

Oppdraget er gjennomført i tidsrommet februar 2021 til juni 2021.

1.4.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak har blitt gjennomgått og nytta som kontroll- og revisjonskriterium. Vidare har informasjon om kommunen og selskapet og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. blitt samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon har blitt vurdert opp mot kontroll- og revisjonskriteria.

1.4.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder har Deloitte intervjuet rådmann og assisterande rådmann i Fitjar kommune, ordførar i Fitjar som er kommunen si eigarrepresentant i selskapet, og dagleg leiar og styreleiar i Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Vi har intervjuet totalt fem personar.

1.4.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju er sendt til dei som er intervjuet for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som er nytta i rapporten.

Datadelen av rapporten blei sendt til selskapet og kommunen for verifisering, og basert på tilbakemeldingane blei mindre korrigeringar gjort før høyringsutkast av rapporten blei sendt til selskapet og kommunen for uttale. Høyringsuttalane er å finne i vedlegg 1.

1.5 Kontroll- og revisjonskriterium

Kontroll- og revisjonskriteria er dei krav og forventningar som eigarskapskontroll- og forvaltningsrevisjonsobjekta skal bli vurdert opp mot. Kriteria er utleia frå autoritative kjelder i samsvar med krava i gjeldande standard for forvaltningsrevisjon. I dette prosjektet er kontroll- og revisjonskriteria i hovudsak henta frå aksjelova, lov om offentlege anskaffingar, KS sine tilrådingar for god eigarstyring, samt meir generelle internkontrollprinsipp. Kriteria er nærare presentert innleiingsvis under kvart tema, og i vedlegg til rapporten.

2 Om selskapet

2.1 Innleiing

Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS (FKIB) blei skipa i 1999. I prosessen som leia fram til kommunestyrevedtaket om å etablere selskapet i 1999 (K-sak 4/99), var både organisasjonsform og innhaldet i bygget diskutert. Mellom anna blei det drøfta om bygget berre skulle vere for idretten, eller vere eit kombinert kultur- og idrettsbygg, og om det skulle vere eitt selskap som eigde bygget, og eitt som stod for innhaldet. Som namnet på selskapet indikerer, blei det bestemt at bygget skulle vere både for kultur og idrett, eigd og drifta av same aksjeselskap.

Bakgrunnen for val av organisasjonsform var at også andre aktørar i Fitjar-samfunnet kunne vere med på eigarsida og bidra med aksjekapital. Særleg Fitjar Kraftlag SA er og har vore ein sentral medeigar i selskapet. Kraftlaget saman med kommunen var dei største bidragsytarane då første del av bygget blei reist. Bygget inneheld då ein idrettshall. Seinare kom kulturdelen til. Også denne blei finansiert gjennom bidrag frå både kommunen og andre aktørar.

Hensikten med FKIB slik det går fram av dei politiske vedtaka frå slutten av 90-talet, er å eige og drive eit allsidig kultur og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune. Tilsvarande målformuleringar går fram også i seinare styringsdokument, som t.d. vedtektene til selskapet, og i samfunnsdelen av Fitjar kommune sin kommuneplan for 2020-2040.

Opphavelag eigde Fitjar kommune 75 % av aksjane i selskapet. Gjennom emisjonar har aksjeposten til kommune auka, og selskapet har i dag ei eigarsamansetting som vist i tabell 1:

Tabell 1: FKIB eigarsamansetting, per 2020

Eigar	Eigardel
Fitjar kommune	79,37 %
Fitjar Kraftlag SA	9,71 %
Wärtsilä Ship Design AS	5,44 %
Andre private eigarar	4,39 %
Fitjar Idrettslag	1,09 %

Selskapet har i dag 1,8 årsverk fordelt på to stillingar: ei 100 % stilling som dagleg leiar og ei 80 % stilling som reinhaldar. Sjølve drifta av aktivitetane på huset er i tillegg avhengig av ein vesentleg dugnadsinnsats.

Sjølve bygget er på om lag 3 500 m² og inneheld kultursal med 286 plassar, kino, kulturskule, dansesal, seniorsenter og øvingslokale for korps/teater, samt bibliotek, idrettshall og treningssenter. I tillegg er det to klasserom i bygget som tidlegare blei leigd av Fitjar vidaregåande skule og fleire møterom. Vidare leiger to fysioterapeutar lokalar i bygget. Selskapet tilbyr òg utleige av fest- og konferanselokalar til privat- og bedriftsmarknaden, med kapasitet opp til 1 000 deltakarar.

Opp gjennom åra har det variert kven som leiger lokalar i bygget. Tabell 2 viser leigetakarar per desember 2020:

Tabell 2: Leigetakarar, med leigeinntekter for FKIB (per 2020)

Leigeforhold/leigetakar	Inntekt i NOK (2020)	Ålmennyttig/Kommersiell
Fitjar kommune – Bibliotek og kultursal	290 000	Kommersiell
Fitjar kommune - Kulturskulen	45 000	Kommersiell
Fitjar kommune - Seniorsenter	40 000	Kommersiell
Ope hus	15 000	Ålmennyttig
Fitjar vidaregåande skule (gym)	177 000	Kommersiell
Fysioterapi (2 fysioterapeutar)	147 000	Kommersiell

Fitjar Treningssenter	196 000	Kommersiell
Tomteleige - Sportell	87 000	Kommersiell
Fitjar Idrettslag	134 000	Ålmennyttig
Fitjar Frivilligsentral	20 000	Ålmennyttig
Korps	72 000	Ålmennyttig
Kor	30 000	Ålmennyttig
Reklameinntekter (sponsorvegg)	220 000	Kommersiell
Totalsum	1 473 000	

I tillegg drifter selskapet kino i bygget. Denne er drive på dugnadsbasis, og gjev selskapet ein inntekt på om lag NOK 100 000 per år.

2.2 Økonomisk situasjon

Selskapet har frå starten vore i ein utfordrande økonomisk situasjon. Driftsinntektene til FKIB stammar i hovudsak frå utleige av lokalar til eksterne aktørar (sjå tabell 2), arrangementsinntekter, inkludert kinoinntekter, og inntekter frå sponsorar og eksterne tilskotsordningar. Utgiftene til selskapet er i hovudsak knytt til løn, kjøp av varer, kostnader knytt til lokala (t.d. renovasjon, lys og varme), reoperasjon og vedlikehald av bygningsmassen, utgifter til kontorutstyr, forsikring og kjøp av rekneskapstenester. I tillegg kjem avskrivningar på varige driftsmidlar. Selskapet har historisk gått med eit lite overskot før desse avskrivningane, og underskot etter. Konsekvensane av dette er mellom anna at selskapet har tært på eigenkapitalen, periodevis hatt høg gjeld, og at FKIB per i dag ikkje har midlar til å gjennomføre naudsynt vedlikehald av bygningsmassen.

Tabell 3 viser den økonomiske stoda i FKIB for åra 2016-2020:

Tabell 3: Resultatrekneskap 2016-2020

Post	2016	2017	2018	2019	2020
Driftsinntekter	2 824 508	2 310 441	3 266 216	2 695 117	3 023 116
Driftsutgifter	2 852 383	2 695 146	3 546 220	3 165 917	2 921 300
Driftsresultat	-27 875	-384 705	-280 003	-470 800	101 815
Årsresultat	-86 000	-426 000	-293 000	-496 887	159 393
Resultat av drifta i % ²	-1 %	-16,7 %	-8,6 %	-17,5 %	3,4 %

2020 er det første året FKIB har gått i pluss. Dagleg leiar forklarar dette med covid-19-pandemien, som har gitt eit lågare kostnadsnivå som følgje av redusert aktivitet, samt inntekter gjennom ulike kompensasjonsordningar.³ Utan dette hadde driftstapet vore på NOK 371 000, og med avskrivningar på NOK 480 000, gitt eit totalt tap på NOK 851 000.

Den utfordrande økonomiske situasjonen til selskapet har gjort at kommune ved fleire høve har bidratt med økonomisk stønad. Mellom anna blei det i 2017 blei det teikna ny aksjekapital tilsvarande NOK 3,0 millionar som så blei konvertert for å betene gjelda til FKIB som på tidspunktet var høg. Kommunen var her største bidragsytar, men også kraftlaget bidrog. I tillegg bidrog kommunen med finansiering til kjøp av kinoutstyr då FKIB tok over kinodrifta i Fitjar frå Norsk Bygdekino i 2018. Vidare fekk FKIB i 2020 økonomisk støtte frå kommunen for å kompensere for inntektsbortfall som følgje av covid-19-pandemien.⁴

² Nøkkeltalet fortel kor mykje som blir igjen av driftsresultatet for kvar krone i driftsinntekt selskapet har.

³ Dei tilsette blei permittert under nedstenginga av samfunnet tidleg i pandemien, noko som gav ei innsparring på NOK 280 000. I tillegg var straumen billeg, noko selskapet sparte NOK 120 000 på. Vidare fekk selskapet NOK 350 000 i koronastøtte frå Fitjar kommune, NOK 168 000 gjennom statlege kompensasjonsordningar (fråfall av inntekter frå arrangement og kino), og dei mottok NOK 92 000 frå Sparebanken Vest i koronamidlar.

⁴ Inntekter frå både kinodrift og billetter til arrangement har falt bort både i 2020 og so langt i 2021 på grunn av covid-19-pandemien. Hovuddelen av selskapet si omsetning er ikkje skattepliktig som følgje av at denne er knytt til ideell verksemd, og selskapet kvalifiserer difor ikkje for alle kompensasjonsordningane til staten.

I samband med FKIB sin søknad om støtte frå kommunen som følgje av inntektsbortfallet under covid-19-pandemien, blei det òg fremja søknad om eit årleg driftstilskot frå kommunen. I desember 2020 handsama kommunestyret saka, og dei vurderte då både alternative organisasjonsformer for selskapet, og om kommunen skal gje eit årleg tilskot til selskapet på NOK 300 000 per år. Kommunestyret vedtok i sak PS 92/20 mellom anna at FKIB skal fortsette å vere eit aksjeselskap, at kommunen tek sikte på å innføra eit årleg driftstilskot (summen skal bestemast i samband med budsjetthandsaminga), og at kontrollutvalet skulle gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet.

3 Eigaroppfølging

3.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?

Under dette:

- I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
- I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i aksjelova?
- I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
- I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
- I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?

3.2 Kontroll- og revisjonskriterium

Aksjelova § 2-2 første ledd fastset minstekrav til kva vedtektene i eit aksjeselskap skal innehalde (føretaksnamn, kommunen der forretningskontoret ligg, selskapet si verksemd, aksjekapitalen sin storleik, samt aksjane sitt pålydande (nominelle) beløp).

Kommunelova § 26-1 stiller krav om at kommunen minst éin gong i valperioden skal utarbeide ein eigarskapsmelding som blir vedtatt av kommunestyret. Denne eigarskapsmeldinga skal innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring, oversikt over eigarinteressene til kommunen, samt kva formål kommunen har med sine eigarinteresser.

KS har fastsett 21 tilrådingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal sektor. KS tilrår mellom anna at kommunestyret årleg får ein rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) til selskapa. Slik rapportering bør inngå i eigarskapsmeldinga, jf. kommunelova § 26-1. Det blir peika på at lova sine krav om utarbeiding og innhald i eigarskapsmeldinga er minimumskrav, og at eigarskapsmeldinga både kan tas opp til vurdering oftare og vere meir omfattande og innhaldsrik.

Vidare viser KS til at kommunestyret «skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet». KS tilrår at kommunen bør ha ein eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap dersom vedtektene berre regulerer dei høve som er påkravd (minstekrav) etter den aktuelle selskapsloven, og at eit slikt styringsdokument er føremålstenleg for å underbygge vedtektene og for å sikre bevisst eigarstyring og gjennomsiktighet.

Gjennom generalforsamlinga representerer aksjeeigarane den øvste mynda i selskapet (jf. aksjelova § 5-1). I § 5-16 andre ledd går det m.a. fram at generalforsamlinga sine avgjersler skal gå fram av protokollen. Styremedlemmane blir valde av generalforsamlinga, som også avgjer om det skal veljast varamedlemmar (jf. § 6-3 første ledd). Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, (jf. § 6-12). Eigarstyring skal skje gjennom eigarorganet (generalforsamling). Avhengig av selskapet sitt føremål, tilrår KS at det som ein hovudregel at kommunestyret oppnemner sentrale folkevalde som selskapet sine eigarrepresentantar i eigarorganet. I tillegg tilrår KS at ein held jamlege eigarmøte for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet. Slike eigarmøte er ikkje lovregulert, og er ein uformell arena der det ikkje skal gjerast vedtak, men der eigar og selskap kan ha ei gjensidig informasjonsutveksling og forventningsavklaring, samt drøfte utvikling og råmevilkår for verksemda.

I sine tilrådingar presiserer KS at det er eigar sitt ansvar å sørge for at styret sin kompetanse samla sett er tilpassa det enkelte selskap si verksemd. Det er viktig å velje styremedlemmar som kan sikre styret sin kontrollfunksjon overfor dagleg leiar. Styreverv i selskap er eit personleg verv. Medlemmar av selskapsstyrer representerer berre seg sjølv, ikkje nokon av eigarane, og skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

3.3 Mål med og strategi for eigarskapen i FKIB

3.3.1 Skipingsdokumentar og vedtekter

Skipingsdokumenta til FKIB AS skildrar føremålet med selskapet. FKIB AS blei etablert etter kommunestyrevedtak i sak 4/99 i møte den 17. februar 1999. I første vedtakspunkt går det fram at kommunestyret slutta seg til at eit «allsidig kultur- og idrettsbygg i Fitjar skal realiserast som eit aksjeselskap som står for bygging og drift». I referat frå formannskapsmøte i Fitjar den 12. oktober same år, går det fram at selskapet hadde blitt etablert i samsvar med kommunestyrevedtaket. Ifølgje tilgjengeleg informasjon, blei selskapet stifta 6. juni 1999, og registrert i Brønnøysundregisteret 25. august same år

Vedtektene er det overordna styringsdokumentet for eit aksjeselskap. Ifølgje vedtektene til FBKI er føremålet med selskapet «å eige og drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune.»

Vidare fastsett vedtektene at Fitjar kommune, eller idrettslag underlagt kommunen, til en kvar tid skal eige over halvparten av aksjane i selskapet.

I endringshistorikken i Brønnøysundregisteret går det fram at vedtektene for FKIB skal ha blitt endra med ujamne mellomrom sidan 1999. Revisjonen har fått tilsendt dei siste to vedtektene, frå høvesvis 2012 og 2017. Den einaste skilnad mellom desse er storleiken på aksjekapitalen.⁵

I intervju blir det gjennomgåande vist til at føremålet med selskapet slik det går fram i vedtektene blir opplevd som tydeleg og avklart for både eigarane og selskapet sjølv.

3.3.2 Selskapsoversikt og eigarstrategi

Fitjar kommune har dei siste elleve åra årleg utarbeidd ein oversikt over kva eigarskap kommunen har. Denne praksisen blei etablert gjennom kommunestyrevedtak i samband med handsaminga av ein selskapskontroll av kommunen si eigarskapsforvaltning gjennomført i 2009 (sak 8/10, 14. april 2010). Basert på vedtaket har kommunestyret kvart år oppe til orientering og vitring ein selskapsoversikt over dei selskapa kommunen har eigarinteresser, inkludert FKIB.⁶

Revisjonen har fått tilsendt selskapsoversikta for dei siste åra. I desse går det mellom anna fram kva som er kommunen sin eigardel i selskapa, med informasjon om driftsresultat og status for økonomien, kva strategisk interesse selskapet har for kommunen, samt andre aktuelle sakar som investeringar, emisjonar og endringar i drifta av selskapet.

For kvart selskap går det fram kva som er kommunen sin strategiske interesse av eigarskapen. For FKIB er denne definert som «høg», med tilvising til kommunen er største eigar i selskapet, at bibliotek, kultursal, og seniorsenter (som er direkte eigd av kommunen) held til på bygget, noko som gjer at kommunen har ei langsiktig økonomisk og strategisk interesse i selskapet.

Selskapsoversikten inneheld ikkje noko om kommunen sine prinsipp for eigarstyring, og heller ikkje nokon overordna eigarstrategi. Dette blir òg understreka i intervju, der det blir vist til at Fitjar kommune manglar overordna styrande prinsipp for sine eigarskap i ulike verksemd, og at kommunen har ikkje ein vedteken, samla strategi for eigarforholda sine, verken når det gjeld eigeidom eller verksemd. Kommunen er open på at selskapsoversikten ikkje tilfredsstillar krava til ei eigarskapsmelding slik desse er oppstilt i kommunelova.

I den samanheng peikar assisterande rådmann på at er føremålstenleg med ein tydelegare eigarstrategi og ein betre definert rolle- og ansvarsfordeling i kommunen knytt til eigaroppfølging, noko som vil vere spesielt viktig når tilskot til FKIB kommer inn på budsjettet til kommunen (sjå kapittel 2), fordi det då vil vere behov for tettare oppfølging og meir kontroll (sjå også seksjon 3.6). Også rådmannen viser i intervju til at dei formelle strukturane i eigarstyringa kan bli styrka.

Sjølv om kommunen ikkje har utarbeidd nokon eigen eigarstrategi for FKIB som skildrar kva mål eller strategi kommunen ønskjer at selskapet skal rette seg etter (utover det som går fram i vedtektene), blir det i intervju understreka at det er utbreidd semje om at eigarskapen i FKIB er viktig for kommunen. Dette er mellom anna reflektert i samfunnsdelen i Fitjar kommune sin kommuneplan for 2020-2040. Her går det fram at:

Fitjar Kultur og Idrettsbygg er Fitjar Kommune si storstove og Fitjar Kommune vil framleis vera den største eigaren, som og forpliktar seg til å sjå til at det er forsvarleg drift og at det finst gode og varierte tilbod for innbyggjarane der.

⁵ Etter vedtak i ekstraordinær generalforsamling i FKIB AS den 6. oktober 2017, blei det gjennomført ein retta emisjon i 2017 for å gjere om gjeld til aksjekapital og slik betene gjelda. Aksjekapitalen auka med dette frå NOK 15 325 500 til NOK 18 499 000.

⁶ I tillegg blei det vedteke at dersom det er behov for endringar av strategi mm. i eitt eller fleire av selskapa kommunen har eigarskap i, skal dette leggjast fram som egne sakar.

Også meir generelt blir det i samfunnsdelen i kommuneplanen vist til at FKIB er viktig for kommunen og lokalsamfunnet, noko som òg blir vist til i fleire intervju.

3.3.3 Kommunen sine føringar og krav til selskapet

I intervju blir det gjennomgåande vist til at kommunen som eigar berre unntaksvis har kome med konkrete føringar ovanfor selskapet. Generelt blir ikkje dette peika på som noka utfordring, men det blir i intervju vist til historiske døme der det kan ha mangla ei forventningsavklaring mellom kommunen og FKIB knytt til kva mål kommunen ønska at selskapet skulle rette seg etter, og då særleg med omsyn til økonomistyringa i selskapet. Dette blei aktualisert etter at selskapet i 2017 fekk utvida kapital under føresetnad om at denne skulle brukast til å betene gjeld, inkludert gjeld til kommunen, men utan at gjelda faktisk blei heilt nedbetalt (sjå seksjon 2.2, og sakane PS 82/16 og PS 66/16 i høvesvis formannskapet og kommunestyret i Fitjar kommune).

Selskapet forklarar at bakgrunnen for at ikkje heile gjelda blei nedbetalt dels låg i at kommunen trekte delar av summen som skulle gå til nedbetaling av gjeld, noko kommunen meinte var eit likviditetslån som hadde blitt gitt langt tilbake i tid, og som FKIB meinte ikkje var rett, mellom anna fordi lånet ikkje låg i rekneskapen til selskapet. I tillegg stoppa kommunen støtta før beløpet for nedbetaling av gjeld blei utbetalt, noko som førte til ei likviditetsbelastning for selskapet i periode frå støtta blei stoppa til lånet kunne nedbetalast. Også dette medførte at selskapet ikkje kunne nedbetale heile gjelda. I tillegg – og dels på grunn av det ovannemnte – var selskapet tvungen å nytte delar av beløpet frå kommunen til å styrkja likviditeten som var blitt svært anstrengt og ein måtte gjennomføre heilt naudsynt vedlikehald. Selskapet opplyser òg at kommunen har blitt haldt orientert om desse problemstillingane gjennom fleire møter i perioden dette stod på.

I intervju blir det likevel gjennomgåande vist til at samhandlinga mellom kommunen og selskapet fungerer bra, sjølv om det frå kommunen si side blir peika på at det er viktig at det kjem på plass betre rutinar og meir system for kommunen si styring av FKIB dersom det blir vedtatt at dei skal få årleg driftsstøtte. Også selskapet ved dagleg leiar uttrykker i intervju at samhandlinga med kommunen med fordel kan formaliserast (sjå kapittel 2 og seksjon 3.6).

3.3.4 Vurdering

Undersøkinga viser at føremålet med Fitjar kommune si eigarskap i FKIB er tydeleg og avklart, og går fram både i vedtekter og i styrande dokument for kommunen. Det kjem ikkje fram opplysningar som indikerer at det er risiko for målforskyving eller uklårheit knytt til kva som er målet med eigarskapen for kommunen eller med selskapet i seg sjølv.

Vidare viser undersøking at kommunen utarbeider ein selskapsoversikt kvart år. Denne tilfredsstillar ikkje alle krava til ei eigarskapsmelding slik desse går fram i kommunelova § 26-1, då den ikkje inneheld noko om kommunen sine prinsipp for eigarstyring. Revisjonen viser i den samheng til tilrådingane frå KS, som understrekar at krava i kommunelova § 26-1 er minimumskrav, og at ein eigarskapsmelding med fordel også kan omhandle korleis eigarstyringa i kommunen er organisert, og kva prinsipp kommunen legg til grunn i sine eigarskap med omsyn til selskapa sitt samfunnsansvar, miljø, likestilling, etikk, mv. Revisjonen merkar seg at kommunen sjølv er merksam på at selskapsoversikten er mangelfull som eigarskapsmelding, og har planar om å treffe tiltak for å utbetre dette.

I undersøkinga kjem det òg fram at kommunen berre unntaksvis har kome med konkrete føringar ovanfor selskapet, og at samhandlinga mellom kommunen og selskapet i det alt vesentlege har fungert og fungerer bra. Revisjonen merkar seg at både kommunen og selskapet ser behov for ei meir formalisert eigarstyring. Revisjonen vil i den samheng peike på at meir konkrete føringar for kommunen sine eigarskap og tydelegare oppgåve- og ansvarsdeling i eigarstyringa, med fordel kan gå fram i ei eigarskapsmelding.

3.4 Eigarstyring

3.4.1 Generalforsamling

Generalforsamlinga er det formelle eigarorganet og øvste mynde i eit aksjeselskap. Det er aksjeeigarane som utgjer generalforsamlinga. Ifølgje vedtektene til FKIB har kvar aksje ei stemme, men likevel slik at ein aksjonær som eig mindre enn 90 % av aksjane ikkje kan stemme for meir enn 66 % av aksjane i selskapet. Fitjar kommune eigde på revisjonstidspunktet 79,37 % av aksjane i FKIB.

Det er gjennomført årlege generalforsamlingar. Vedtektene fastsett ikkje kva tid generalforsamlinga skal finne stad, men i dokumentasjon revisjonen har fått tilsendt går det fram at generalforsamling dei seinaste åra har vort gjennomført i mai eller juni. Ifølgje vedtektene skal følgjande saker handsamast og avgjerast på generalforsamlinga:

1. Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding.
2. Val av styre.
3. Andre saker som etter loven eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

Ein gjennomgang av innkallingar og protokollar viser at generalforsamlingane dei siste åra har behandla punkt 1 og 2 i lista over. I tillegg har godtgjersle til styret blitt tatt opp på kvar generalforsamling dei siste åra.

I 2017 blei det òg gjennomført ekstraordinær generalforsamling i samband med at styret tidlegare same år innstilte på å auke aksjekapitalen for å konvertere gjeld og slik redusere gjeldsbelastninga til selskapet. På tidspunktet var denne høg.

På den ekstraordinære generalforsamlinga i 2017 var Fitjar kommune og Fitjar Kraftlag SA representert, begge med fullmektig. Til saman representerte desse eigarane 86,82 % av aksjane. På generalforsamlinga i 2018 møtte fire personar som saman representerte 87,5 % av aksjane. Tilsvarende møtte fem personar i 2019, som saman representerte 90,17 % av aksjane. Ein gjennomgang av protokollar frå generalforsamlingane viser at både styreleiar og dagleg leiar fast deltek på møta.

Det blir i intervju vist til at det er kommunen som største eigar, Fitjar Kraftlag som nest største eigar, samt Fitjar Idrettslag som i regelen deltek på generalforsamlingane. Dei andre eigarane er ikkje aktive som eigarar og deltek i regelen ikkje på generalforsamlingane. Blant desse er det fleire enkeltpersonar med mindre aksjepostar, samt Wartsila Norway AS, som overtok aksjeposten til Wärtsilä Ship Design Norway AS etter ein fusjon i 2019. Wartsila Norway AS blir i intervju skildra som ein «sovande eigar».

3.4.2 Eigarrepresentant

Det er ordføraren i Fitjar som er kommunen sin eigarrepresentant og som stiller på generalforsamlinga i FKIB. Ordføraren fortel at kommunen manglar eit overordna system for val av eigarrepresentantar, og det er i hovudsak sedvane som avgjer kva kandidatar blir peika ut til ulike representantskap etter kvart val. I intervju kjem det fram at det har vore vanleg at ordførar er kommunen sin eigarrepresentant og deltar på generalforsamlinga på vegner av kommunen, og at det av den grunn ikkje har vore vanleg at ordførar blir valt til å sitje i styra i selskapa som kommunen har eigarskap i.

Vidare får revisjonen opplyst at både korrespondanse og intervju at Fitjar kommune ikkje gir folkevalde opplæring i eigarskap eller eigarskapsforvaltning. Ordføraren stadfestar i intervju at han ikkje har fått opplæring i eigararbeid gjennom vervet som eigarrepresentant i FKIB, men opplyser å ha fått det som tidlegare styrerepresentant i mellom anna fylkeskommunalt bompengeselskap.

Assisterande rådmann peiker i intervju på at kommunen med fordel burde tatt ei vurdering på behovet for ytterlegare opplæring av dei folkevalde som skal ha rolla som styremedlem og eigarrepresentantar.

3.4.3 Vurdering

Undersøkinga viser at det har blitt gjennomført generalforsamlingar i FKIB AS dei siste åra i samsvar med krav i aksjelova. Det går ikkje fram i vedtektene kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamlingane. KS tilrår at dette blir gjort, slik at det blir tatt omsyn til kommunen sitt behov for å ha tid til å handsame eventuelle saker. Revisjonen meiner det bør vurderast om slike bestemmingar skal gå inngå i vedtektene.

Vidare kjem det fram i undersøkinga at det er ordføraren som er kommunen sin eigarrepresentant. Dette er i samsvar med KS si tilråding nr. 7, om at sentrale folkevalde blir utpeikt som kommunen sin representant i eigarorgan. I undersøkinga kjem det likevel fram at dette skjer som følgje av sedvane i Fitjar kommune, og ikkje er nedfelt nokon plass. Dette er brot på føresegna etter aksjelova § 5-2, som seier at aksjeeigarar enten skal møte sjølv, eller ved fullmektig, og at slik fullmektig må ha skriftleg fullmakt. Det er kommunestyret som eig aksjane i FKIB AS, og sjølv om ordføraren etter kommunelova § 6-1 andre ledd er rettsleg representant for kommunen, går det i NOU 1995:7 fram at dette ikkje gir ordføraren legal representasjonskompetanse på generalforsamlingar. Revisjonen meiner difor at det må sikrast at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt.

I undersøkinga kjem det òg fram at kommunen ikkje gir dei folkevalde opplæring i eigarskap eller eigarskapsforvaltning. Dette er ikkje i samsvar med tilråding 3 frå KS, der det blir understreka at slik opplæring er viktig mellom anna for at dei folkevalde skal ha kunnskap og innsikt i kva styringsmoglegheiter kommunen har for selskapa den har eigarskap i, og for at dei folkevalde får innsikt i kva ulike rollar dei har som folkevalde, anten som styremedlemmar eller som medlemmar i eigarorgan (representantskap og generalforsamling). Revisjonen har

ikkje indikasjonar på at ordføraren som eigarrepresentant ikkje har naudsynt kompetanse til å skjøtte oppgåva, men meiner likevel kommunen bør vurdere behovet for å gje dei folkevalde opplæring på dette området.

3.5 Styresamansetting

3.5.1 Styreval

I vedtektene til FKIB går følgjande fram om styreval og samansetting:

Styret har 5 medlemmar. 2 av styrets medlemmar vert vald av Fitjar kommune, og 3 medlemmar vert vald av generalforsamlingen. Styret si funksjonstid er tre år. Ved fyrstegongsval av styre kan funksjonstida settast kortare. Styreleiar vert vald blant styremedlemmane for eit år om gangen. Det skal velgast 2 varamedlemmar, ein frå Fitjar kommune og ein frå dei andre aksjonærane for eit år om gangen.

Styreleiar opplyser at alle styremedlemmane blir valt av generalforsamling etter innstilling frå selskapet si valkomité.⁷ Valkomitéen blir valt av generalforsamlinga.

Minst to av dei fem styremedlemmane blir peika ut av kommunen etter innstilling gjennom valkomitéen. Styreleiar opplyser at det ikkje er nokon avgrensingar eller føringar utover dette knytt til kven som skal bli valt til styret. Dette inneber at alle styremedlemmar *kan* ha tilknytning til kommunen, då kommunen som majoritetsaksjonær står fritt til å velje heile styret.

Ordføraren opplyser at det ikkje har vore vanlig å engasjere valkomitéen i stor skala for å finne kandidatar til styret i FKIB. Vidare fortel ordføraren at ein prøver å få tak i kompetente personar med engasjement til styret, og at ein er generelt nøgd med at nokon ønskjer å stille. Han viser vidare til at kommunen kan spille inn kandidatar dersom det er behov for å finne nye styremedlem, men dette går altså ikkje gjennom kommunen si valnemnd. På førre generalforsamling blei ordføraren sjølv og dagleg leiar i Fitjar Idrettslag peika ut til å vere valkomité for generalforsamlinga i 2021. Styreleiar opplyser at ordføraren alltid har vore medlem av selskapet sin valkomité.

Kommunen har ingen dokument om styresamansetting som spesifiserer krav til kompetanse o.l., men i intervju blir det opplyst at dei passar på at kjønnsbalansen er riktig.

I referat frå generalforsamlingar går det fram FKIB har ein praksis der nestleiar, styremedlemmane og varamedlemmane blir valt for ei funksjonstid på to år, slik at halvparten av rollane er på val kvart år.

3.5.2 Styresamansetting

Styreleiar opplyser at det har vore praksis at dagleg leiar for Fitjar Kraftlag (som er nest største aksjonær i FKIB) og ein representant med tilknytning til idrettslaget har sete i styret. I dag sitt det andre medlemmen med tilknytning til kommunen som nestleiar, medan det siste medlemmen i styret har tilknytning til Fitjar Mekaniske Verkstad AS.

På revisjonstidspunktet er tre av dei største eigarane representert i styret: Fitjar Kommune, Fitjar Kraftlag SA og Fitjar Idrettslag. Tre av styremedlemmane er menn, og to er kvinner. Dei som sitt i styret på revisjonstidspunktet var:

Tabell 4: Styresamansetting⁸

Namn	Rolle	Tiltredd	Bakgrunn/stilling
Agnar Aarskog	Styreleiar	02.09.2004	Tidlegare ordførar og varaordførar i Fitjar kommune
Terje Træet	Nestleiar	02.09.2004	Dagleg leiar i Fibo Eigedom AS og medlem i foreningsstyret i Fitjar Høgre satt i kommunestyre i Fitjar kommune førre periode
Therese Waage Nysæther	Styremedlem	06.07.2020	Dagleg leiar i Fitjar Kraftlag SA
Gro Hatlevik	Styremedlem	30.06.2014	Fitjar Mekaniske Verkstad AS
Dan Harald Torbjørnsen	Styremedlem	06.07.2020	Representerer Fitjar IL.

⁷ Valkomitéen i selskapet er ikkje det same som kommunen si valnemnd; sistnemnte er ikkje involvert i val av styremedlemmar i FKIB. Ordføraren opplyser i den forbindelse at kommunen si valnemnd blir brukt til å spille inn konkrete personar til kommunen sine styrepostar i andre selskap, som t.d. SIM IKS.

⁸ I tillegg blei Gisle Levåg attvalt som varamedlem på generalforsamlinga i 2019, medan Terje Vidar Vestvik blei attvalt som varamedlem på generalforsamlinga i 2020. På generalforsamlinga i 2020 ble også ny valnemnd bestående av ordførar i Fitjar kommune, Harald Rydland, og Vidar Aarskog godkjent av generalforsamlinga.

Verken kommunen eller selskapet har rutine eller praksis for å gje styremedlemmar opplæring i styrearbeid. Revisjonen får opplyst at styremedlemmane i FKIB ikkje har motteke noko opplæring. I intervju blir det understreka at styret blir vurdert som kompetent, både av kommunen som eigar, dagleg leiar, og av styreleiar sjølv (sjå også kapittel 4).

3.5.3 Vurdering

I undersøkinga går det fram at FKIB nyttar valkomité som fremjar forslag til styrekandidatar til generalforsamlinga. Bruk av valkomité er anbefalt av KS, som i si tilråding 10 skriv at bruk av slik valkomité bør gå fram av vedtektene, og vidare at det bør utarbeidast retningslinjer for valkomitéen sitt arbeid. I samsvar med dette tilrår revisjonen at det bør vurderast å vedtektsfeste bruk av valkomité, samt om denne bør arbeide etter formaliserte retningslinjer.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, er det ikkje klårt om kommunen berre kan velje to av styret sine medlemmar, jf. vedtektene § 7, eller om kommunen som majoritetsaksjonær kan velje heile styret. Dette kan ha konsekvensar for om t.d. regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet (sjå avsnitt 5.5.2), og er også i seg sjølv ein uklårheit som er uheldig. Både av omsyn til føreseielegheit og transparens, og for å kunne vurdere om t.d. regelverket for offentlege anskaffingar gjeld for selskapet, meiner difor revisjonen at det må tydeleggjerast om det er slik at kommunen *kan* velje heile styret, eller om bestemmingane i vedtektene knytt til val av styremedlemmar avgrensar denne moglegheita.

Revisjonen merkar seg vidare at det i vedtektene ikkje går klårt fram om varamedlemmane i styret er numeriske, slik KS tilrår. Også dette meiner revisjonen bør avklarast og tydeleggjerast.

Revisjonen registrerer elles at styret har ein kjønnsbalanse som er i samsvar med aksjelova § 20-6, jf. kommunelova § 21-1, men òg at slik kjønnsbalanse ikkje er nedfelt i vedtektene. Revisjonen meiner det bør vurderast om kjønnsbalanse i styret skal gå frå av vedtektene.

Elles merkar revisjonen seg at styret sin kompetanse gjennomgåande blir vurdert å vere god. Revisjonen meiner likevel det er uheldig at det ikkje blir gitt opplæring i styrearbeid. Sjølv om dette er eit ansvar som ligg til selskapet, vil vi peike på at kommunen som majoritetsaksjonær har eit ansvar for å sikre at styret til ein kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse til å skjøtte sine oppgåver. Det kan slik vere ein føremøn om kommunen vurderer tiltak for å sikre slik kompetanse, t.d. gjennom opplæringstiltak eller ved at det blir stilt krav til selskapet om at slik opplæring finn stad.

Revisjonen merkar seg òg at det gjennomgåande blir vist til at styrerepresentantane representerer dei ulike eigarane. Revisjonen vil i den samanheng peike på at styreverv er personlege verv, og at styremedlemmane slik ikkje skal representere dei ulike eigarane, men har i oppgåve å vareta selskapet sine interesser og eigarane kollektivt på best mogleg måte, ut i frå selskapet sitt føremål og innanfor loven sine rammes.

3.6 Oppfølging av selskapet

3.6.1 Datagrunnlag

I intervju med både rådmann og assisterande rådmann blir det vist til at rutine og systema for eigarstyring til Fitjar kommune er tilpassa ein liten og oversiktleg administrasjon, og at eigarstyringa opp mot FKIB er basert på tillit og eit godt samarbeid mellom partane. Begge er vidare opne på at det er moment i eigarstyringa til kommunen som burde vore betre, inkludert meir regelmessigheit i møte mellom kommunen og selskapet for å drøfte større saker, og ei tydelegare oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyringa i kommunen.

Tilsvarande peiker ordføraren i intervju på at det er viktig at det kommer på plass betre rutinar og meir system for kommunen si oppfølging og styring av FKIB, særleg dersom det blir vedtatt at dei skal få årleg driftsstøtte. Ordføraren understrekar at slike system og rutinar ikkje må bli for byråkratisk, men at dialogen og avtalane mellom selskapet og kommunen må vere meir formell enn no.

Både ordføraren og assisterande rådmann meiner det bør komme på plass ein instans for revisjon og kontroll av selskapet. Det blir opplyst at selskapet si revisjonsplikt blei tatt bort på ei generalforsamling for at selskapet ikkje skulle måtte betale for noko som dei ikkje var lovpålagt å ha. I intervju blir det understreka at kommunen ikkje bør stille for høge krav til formalitetar for FKIB, men det blir òg peika på viktigheita av eit godt kontrollsystem som er dimensjonert for selskapet og sett i samanheng med størrelsen på tilskotet frå kommunen.

Kommunen har ikkje gjennomført kontrollar av selskapet eller selskapet sin bruk av midlar.

3.6.2 Vurdering

Undersøkinga viser at kommunen si oppfølging av selskapet er tillitsbasert, og at kommunen har lite formelle system og rutinar for dette arbeidet. Det kjem ikkje fram indikasjonar som peikar i retning av at den praktiske oppfølginga av eller samarbeidet med selskapet ikkje er føremålstenleg, men som kommunen sjølv viser til, meiner også revisjonen at det bør kome på plass meir formaliserte system og rutinar for eigaroppfølginga av selskapet.

Revisjonen merkar seg at kommunen er oppteken av at system og rutinar for eigaroppfølging må bli betre med tilvising til det årlege driftstilskotet som er planlagt. Vi vil i den samanheng understreke at kommunen som eigar og kommunen som tilskotsgeivar er to ulike rollar, og at ein må vere varsam med å blande desse. Som tilskotsgeivar er kommunen sjølv ansvarleg for å stille krav til tilskotsmottakarar, og å følgje opp og kontrollere at tilskota blir nytta som føresett. Oppfølginga kommunen gjer som eigar vil naturleg vere fokusert på drifta i selskapet sett opp mot føremål og eventuelle andre mål og krav eigarane av selskapet bestemmer.

Revisjonen har ikkje gjort nærare undersøkingar eller vurderingar av dette årlege driftstilskot kommunen vurderer å gje til FKIB. Vi vil likevel nytte høvet til å minne om at slike tilskot kan vere omfatta av statsstøtteregulverket, og at det difor vil vere viktig å gjere ei konkret vurdering av kva risikoar som ligg i å gje slikt driftstilskot til FKIB, og korleis det må vere innretta for at kommunen ikkje bryt med regelverket.

3.7 Rapportering og informasjon frå FKIB til kommunen

3.7.1 Datagrunnlag

Kommunen får årleg tilsendt rekneskap og årsmeldingar med notar frå selskapet. I tillegg deltek kommunen som eigar og gjennom sin eigarrepresentant på generalforsamlinga, og det blir gjennomført årlege møte mellom dagleg leiar, styreleiar, ordførar og rådmann. I desse møta har FKIB si drift, vedlikehaldsplan og investeringsbehov, driftsmodell og økonomi blitt diskutert. Slike møte blir òg gjennomført ved behov. Kommunen presiserer i korrespondanse med revisjonen at møta ikkje har form av eigardialog. Det er ikkje utarbeidd noko årshjul eller plan for når møta skal skje eller kva møta skal omhandle.

Rådmannen opplever at prosessen med å avtale og dokumentere møta mellom kommunen og selskapet er ryddig: kommunen blir kontakta av dagleg leiar – gjerne saman med styreleiar – for å avtale møte, og eventuelle dokument frå møta blir arkivert. Også all dialog blir arkivert, og kommunen ber vidare om å få tilsendt eit oppfølgingsbrev eller anna dokumentasjon frå selskapet når det er relevant.

Dagleg leiar skildrar kontakten med kommunen som i hovudsak uformell. Han meiner at forholdet med fordel bør bli formalisert om kommunen vedtar å tilføre midlar på fast basis.

Fleire av desse møta har ført til politiske saker. Kommunestyret har fleire gonger dei siste åra har behandla saker knytt til FKIB, og spesielt knytt til selskapet sin økonomi og søknadar om tilskot. Det har i samband med desse sakane blitt lagt fram dokumentasjon som skildrar den økonomiske situasjonen i selskapet, samt vedlikehaldsplanar og oversikt over investeringsbehov. Rådmannen peiker på at t.d. spørsmålet om årleg driftstilskot til selskapet kom opp som følge av eit slikt møte.

3.7.2 Vurdering

I undersøkinga finn revisjonen at det ikkje er formaliserte rapporteringslinjer mellom kommunen og selskapet for å gje førstnemnte informasjon om utviklinga og drifta i selskapet forutan i generalforsamlingane. Revisjonen er merksam på at kommunen og selskapet er i jamleg kontakt, og at kommunen difor ofte vil vere informert om stoda i selskapet. Slik praksis er no, blir risikoen for at kommunen ikkje får relevant informasjon frå selskapet vurdert som låg.

Likevel vil revisjonen peike på at manglande formalisering knytt til gjennomføringa av slike eigarmøte aukar risikoen for at informasjon som er viktig ikkje kjem kommunen i hende når den bør. Vi meiner difor det bør vurderast å formalisere kva tid slike møte skal finne stad, kven som skal delta, og kva som bør inngå som faste punkt på agendaen. I tillegg vil vi presisere at aksjelova byggjer på eit prinsipp om at alle aksjonærar, uavhengig av eigardel, har lik rett på informasjon. Det bør difor vurderast korleis dette prinsippet kan etterlevast også når det gjeld gjennomføringa av eigarmøte.

4 Styret si oppfølging av selskapet

4.1 Problemstilling

I dette kapitlet vil vi svare på følgjande problemstilling:

Er styret si oppfølging av selskapet tilfredsstillande?

4.2 Kontroll- og revisjonskriterium

Kapittel seks i aksjelova stiller krav om selskapet si leiing. § 6-12 omhandlar styret sitt forvaltningsansvar:

- (1) Forvaltningen av selskapet høyrer under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.
- (2) Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette retningslinjer for virksomheten.
- (3) Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6-13 omhandlar tilsvarande styret sitt tilsynsansvar, noko som inneber at styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Dagleg leiing skal stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, men styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga (jf. § 6-14).

Aksjelova § 6-23 første ledd held fram at styret skal fastsette ein styreinstruks som gir nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming i selskap der dei tilsette har representasjon i styret.

KS har tilrådingar knytt til styret sitt arbeid. KS tilrår mellom anna at styret:

- Fastsett styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Gjennomfører eigenevaluering kvart år
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring
- Gjennomfører eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver
- Fastsett ein årleg plan for arbeidet
- Gir ei samla utgreiing for selskapet si styring og leiing i ein årsrapport.

I tillegg viser KS til at eigar bør sikre at selskapsstyret har utarbeidd og jamleg reviderer etiske retningslinjer for verksemda.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

4.3 Styret si oppfølging av selskapet

4.3.1 Om styret og styremøte

Som nemnt i avsnitt 3.5 består styret i FKIB av fem personar, samt to varamedlemmar. Jamfør vedtektene skal to av medlemmane veljast av Fitjar kommune, medan dei tre andre blir vald av generalforsamlinga. Alle styremedlemmane blir valt for to år med alternerande val, med unntak av styreleiar som blir valt for eitt år.

Medlemmane i styret har ulik fartstid: styreleiar og nestleiar har begge vore med i styret sidan 2004, medan eitt styremedlem ble valt inn i 2014 og dei to andre i 2020. For meir detaljert oversikt over medlemmane i styret, sjå avsnitt 3.5.

Revisjonen får opplyst at det blir gjennomført styremøte når styret finn det nødvendig, i snitt mellom to og fire gongar kvart år. Oversikt over styremøte gjennomført i 2019 og 2020 er vist i tabell 5:

Tabell 5: Oversikt over styremøte 2019 og 2020

Møtedato	Innkalling/ Referat	Til stades	Fråfall	Saksliste
23.04.2019	Ja/ja	Agnar Aarskog (leiar) Terje Træet (nestleiar) Gro Hatlevik Sigbjørn Aarland Terje Vidar Vestvik		Godkjenning av innkalling, referat, årsrekneskap og kvartalsrekneskap, årsmelding og budsjett. Orientering om driftsrapport.

		Ole Bergesen (dagleg leiar)		Vedtak om innhenting av prisar på ulike forslag til endring av arealplan.
13.09.2019	Ja/ja	Agnar Aarskog (leiar) Terje Træet (nestleiar) Gro Hatlevik Therese Waage Nysæther Dan Torbjørnsen Ole Bergesen (dagleg leiar)		Godkjenning av innkalling og referat. Godkjenning av investering og finansiering av ombygging av 2. etg. og lager.
19.05.2020	Ja/ja	Agnar Aarskog (leiar) Terje Træet (nestleiar) Gro Hatlevik Dan Torbjørnsen Ole Bergesen (dagleg leiar)	Therese Waage Nysæther (vara ikkje kalla inn grunna seint forfall)	Godkjenning av innkalling, referat, årsrekneskap og årsmelding . Orientering om driftsrapport, kvartalsrekneskap og budsjett. Vedtak om å skrive søknad til Fitjar kommune om driftstilskot grunna covid-19.
03.11.2020	Ja/ja	Agnar Aarskog (leiar) Terje Træet (nestleiar) Gro Hatlevik Therese Waage Nysæther Gisle Levåg (vara) Ole Bergesen (dagleg leiar)	Dan Torbjørnsen	Godkjenning av innkalling, referat og kvartalsrekneskap. Orientering om driftsrapport, plan for uteområde, søknad frå FIL, vedlikehaldsplan, plan for oppgradering av møterom.

Styrelleiar opplyser i intervju at dagleg leiar i FKIB deltek på styremøta for å orientere om selskapet si økonomi, drift og andre relevante saker. Styrelleiar fortel at dagleg leiar òg sender løypemeldingar til styremedlemmane jamleg med informasjon om drift, økonomi og gjennomført vedlikehald. Både styrelleiar og dagleg leiar fortel vidare at dei har møte kvar veke der dei diskuterer økonomien, utviklinga og drifta av selskapet. Styrelleiar opplever at styret har god oversikt over drifta og den økonomiske utviklinga i selskapet, gjennom god og ryddig rapportering.

Styrelleiar vurderer styret si oppfølging av selskapet som tilfredsstillande, og fortel at styret har vore engasjert og involvert i selskapet sin situasjon, økonomi og framtid. Han fortel at styret har diskutert bekymringar knytt til behov for større vedlikehald av bygget framover, og usikkerheita knytt til korleis dette bør bli finansiert. Den intervju uttrykker at han kunne ønske seg at styret var noko meir aktivt enn det er i dag, men presiserer samtidig at styrearbeidet ikkje blir gjennomført som ein «einmannsframsyning» og at ein ikkje kan stille høgare krav til deltaking når styrearbeid er organisert som dugnadsarbeid.

Styrelleiar opplever at styret har eit godt samarbeid med eigarane og at eigarane er tilstrekkeleg oppdaterte på situasjonen i selskapet. Han opplyser at styrelleiar og dagleg leiar har møte med ordførar og rådmann i kommunen om lag ein til to gonger i året, der dei diskuterer ulike saker slik som økonomi, vedlikehald og ombygging. Styret har også jamleg dialog med Fitjar Kraftlag – der den intervjuja også sitt som styrelleiar.

4.3.2 Instruksar og rutinar

Det blir gjennomgåande vist til at mykje av arbeidet som blir gjort i og for selskapet, er lite formalisert. Dette gjeld også styret sitt arbeid. Revisjonen får opplyst at det ikkje er utarbeidd styreinstruks eller stillingsinstruks for dagleg leiar,⁹ og vidare at det ikkje er utarbeidd årshjul for styrearbeid eller rutinar for opplæring av nye styremedlemmar, og at det heller ikkje er rutinar eller praksis å halde styreseminar eller gjere evaluering av styrearbeidet.

Ingen av styremedlemmane i FKIB er registrert i KS sitt styrevervregister.

I intervju med representantar frå kommunen blir det vist til at det tidvis har vore noko uklårt kven som har kva ansvar og handterer ulike oppgåver i selskapet. Særleg er det rolle- og ansvarsdelinga mellom dagleg leiar og styrelleiar som tidvis har vore uklår (sjå seksjon 5.4).

4.3.3 Vurdering

Det kjem ikkje fram indikasjonar i undersøkinga som tyder på at styret i FKIB ikkje følgjer opp selskapet på ein tilfredsstillande måte. Det blir gjennomført styremøte, og i desse møta handsamar styret både budsjett, rekneskap og driftsrelaterte spørsmål. Revisjonen merkar seg vidare at styrelleiar er mykje involvert i den daglege drifta av selskapet, og gjennom dette har god oversikt og kontroll – også på vegner av styret.

⁹ Dagleg leiar har ansvaret for den daglege leiinga av FKIB. I vedtektene til selskapet går det fram at selskapet bere skal ha ein dageleg leiar og at styret ikkje kan bestemme at det skal være fleire.

Undersøkinga viser òg at lite av styrearbeidet i selskapet er formalisert, og at det mellom anna manglar ein plan for styret sitt arbeid. Dette meiner revisjonen styret må vurdere å få på plass, då det gjev auka føreseielegheit både for styret sjølv, for selskapet elles, samt for eigarane.

Vidare er det ikkje utarbeidd styreinstruks eller instruks for dagleg leiar. Revisjonen meiner slike må utarbeidast. Dette er viktig både sett i samanheng med at rolle- og ansvarsdelinga mellom styreleiar og dagleg leiar tidvis har vore uklår, og fordi selskapet er avhengig av styreleiar og dagleg leiar. Ved eventuelle utskiftingar av ein eller begge av desse, vil det vere viktig at rolle- og ansvarsdelinga mellom dei er formalisert, for slik å redusere risikoen for uklårheiter.

I tillegg viser undersøkinga at det verken er praksis eller rutinar for å sikre at naudsynt kompetanse i styret. Revisjonen har ikkje haldepunkt for å meine at styret ikkje er kompetent, og vi merkar oss at styret lenge har hatt same leiar og nestleiar, noko som har sikra kontinuitet og sannsynlegvis også kompetanse i styret. Likevel meiner vi selskapet bør vurdere tiltak for å sikre at styret – også ved eventuelle utskiftingar av styrerepresentantar – har naudsynt kompetanse. For å sikre dette, bør styret gjere ei eigenevaluering kvart år, og gjennom dette avdekkje eventuelle manglar knytt til eigen kompetanse. Vidare bør det vurderast om det er trong for styreseminar og eventuelt ekstern opplæring av styremedlemmar.

Av omsyn til gjennomsiktighet og legitimitet, meiner revisjonen òg at styremedlemmane i selskapet bør registrere seg i KS sitt styrevervregister. På revisjonstidspunktet var ingen av styremedlemmane registrert der.

I tillegg viser KS til at eigar bør sikre at selskapsstyret har utarbeidd og jamleg reviderer etiske retningslinjer for verksemda.

5 Internkontroll

5.1 Problemstilling

I dette kapittelet vil vi svare på følgjande hovudproblemstilling med underproblemstillingar:

I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll i selskapet?

Under dette:

- Organisering, mål og verksemdstrategi
- Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling
- System, rutinar og praksis for utvalde, sentrale arbeidsprosessar knytt til:
 - Økonomistyring
 - Anskaffingar
- Rapportering

5.2 Kontroll- og revisjonskriterium

Aksjelova

Ifølgje § 6-14 skal dagleg leiing stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, samt følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir. Den daglege leiinga omfattar ikkje saker som etter selskapet sitt forhold er av uvanleg art eller stor betydning. Dagleg leiar skal sørge for at selskapet sin rekneskap er i samsvar med lov og forskrift, samt at formueforvaltninga er ordna på ein tryggande måte. Minst kvar fjerde måned skal dagleg leiar, i møte eller skriftleg, gje styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, jf. § 6-15. Vidare kan styret, eller einiskilde styremedlemmar, til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker.

Meirverdiavgift

Utleige av fast eigedom er som utgangspunkt unnateke meirverdiavgift. Utleigeverksemd kan likevel bli underlagt regelverket gjennom frivillig registrering i meirverdiavgiftsregisteret. Den frivillige registreringa vil berre omfatte areal leigd ut til bruk for meirverdiavgiftspliktig verksemd eller til bruk for kommunal, fylkeskommunal eller interkommunale verksemd omfatta av ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon. Utleigar må ved frivillig registrering legge meirverdiavgift på husleiga til leigetakar. Samtidig får utleigar frådrag for inngåande meirverdiavgift på t.d. oppføringskostnader og driftskostnader knytt til areal berre brukt i den registrerte utleigeverksemda. Ved fellesinnkjøp som dels også er til bruk for utleige til ikkje-avgiftspliktige/ kompensasjonsrettkomne verksemdar, vil frådraget etter hovudregelen vere samhovande etter ein viss fordelingsnøkkel.

COSO sitt rammeverk for internkontroll

COSO er eit anerkjent rammeverk for internkontroll. COSO definerer internkontroll som ein kontinuerleg prosess, utført av styre, leiing og andre tilsette i ei verksemd for å gje rimeleg tryggleik for at selskapet når dei mål som er knytt til målretta, effektiv og føremålstenleg drift; påliteleg intern og ekstern rapportering; og etterleving av lovar, reglar og interne retningslinjer. Rammeverket omfattar fem hovudelement: kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, og oppfølging frå leiinga.

Regelverket for offentlege anskaffingar

Det totale regelverket for offentlege anskaffingar er omfattande og komplisert, og byggjer på ulike rettskjeldefaktorar. Kompleksitet gjer at regelverket kan det vere vanskeleg å etterleve. I tillegg til offentlege etatar og kommunar, er også sokalla offentligrettslege organ omfatta av regelverket. Dette er organ som er (1) oppretta for å tene ålmenta sine behov og ikkje er av industriell eller forretningsmessig karakter, (2) eit sjølvstendige rettssubjekt, og (3) tilknytt det offentlege i tilstrekkeleg grad ved at organet enten i (a) hovudsak er finansiert av offentlege myndigheiter, eller (b) er underlagt slike myndigheiter eller organ sin ledelsesmessige kontroll, eller (c) organet har eit administrasjons-, leiings- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmane er utnemnt av slike myndigheiter eller organ. Vilkåra 1, 2 og 3 er kumulative, noko som betyr at alle tre må vere oppfylte for at FKIB skal kvalifisere som eit offentligrettsleg organ. Vilkår 1 inneheld to ledd (oppretta for å tene ålmenta sine behov, og ikkje vere av forretningsmessig karakter). Vurderinga av om vilkår 1 som heilheit er oppfylt, avheng av ei heilskapleg vurdering av verksemda si karakter. Delvilkåra i vilkår 3 er alternative, noko som betyr at berre eitt av (a), (b) og (c) må vere oppfylt for at vilkår 3 skal vere oppfylt.

Sjå vedlegg 2 for utfyllande revisjonskriterium.

5.3 Organisering, mål og verksemdstrategi

5.3.1 Organisering

FKIB er ein liten organisasjon med to tilsette; ein dagleg leiar i 100 % stilling, og ein reinhaldar i 80 % stilling. I tillegg blir det i intervju og elles vist til at styreleiar gjer ein stor innsats for selskapet, og i periodar fungerer tilsvarande som ein arbeidande styreleiar.

Opphaveleg var stillinga som dagleg leiar i FKIB ei 100 % stilling. Fleire personar var innom jobben som dagleg leiar dei første åra, og jobben var i eitt år òg sett bort til Fitjar Fjordhotell (der noverande dagleg leiar skjøtta rolla). Frå 2006 til 2009 var jobben som dagleg leiar i FKBI lagt til kultursjefen i Fitjar kommune i ei 50 % stilling. I 2009 gjekk kultursjefen av med pensjon, og stillinga som dagleg leiar i FKIB blei lyst ut. Noverande dagleg leiar blei då tilsett i ei 80 % stilling.

Stillinga som dagleg leiar i FKIB var i perioden 2015 til 2017 delt med stillinga som dagleg leiar i Fitjar Idrettslag (FIL). Idrettslaget tilsette dagleg leiar fyrste gong i 2012, men då vedkomande slutta i jobben, vedtok styra i FKIB og FIL at dagleg leiar i FKIB skulle vere dagleg leiar også i FIL. Samtidig blei det tilsett ein person i 20 % stilling for å ivareta ulike praktiske gjeremål på huset. I intervju med dagleg leiar peiker han på at dette var meint å vere ein midlertidig løysing, og at stillinga skulle vere delt til ein fekk ny dagleg leiar på plass i FIL.¹⁰ I intervju med både dagleg leiar og styreleiar blir det vist til at perioden der dagleg leiar hadde delt ansvar for FKIB og FIL var svært krevjande, og ikkje optimal, med høg arbeidsbelastning og lange arbeidsdagar.

Då ny dagleg leiar blei tilsett i FIL i 2017, auka stillinga til dagleg leiar i FKIB igjen til 80 %. Seinare i 2017 blei stillinga som dagleg leiar i FKIB auka til 100 %. 20 % stillinga som handterte praktiske gjeremål for FKIB blei då avskaffa.

Med omsyn til stillingsauka, blir dette forklart med auka arbeidsmengde (mellom anna knytt til ein del byggeaktivitet) og behov for auka inntekter frå arrangement og kino, noko som òg gjorde at dagleg leiar måtte gjere meir. Det blir i den samanheng vist til at ein har gjennom å auka talet på arrangement også har fått auka inntekter, noko som er avgjerande for å få til drifta av bygget.

I intervju blir det gjennomgåande vist til at dagleg leiar gjer ein god jobb; styreleiar framhelder at det er heilt umogleg å sjå for seg å ha lågare bemanning enn det som er i dag, med tilvising til at dugnadsinnsatsen utgjer om lag eitt årsverk. Rådmannen uttrykker på si side i intervju at det er akseptabelt at stillingsprosenten til dagleg leiar er 100 %, gitt den store aktiviteten i bygget – og ho peiker på at det heller kunne vore ei utfordring å finne nokon som er så engasjert at dei ønskjer å ta på seg ein så omfattande jobb (sjå også avsnitt 5.4.1).

Stillinga som reinhaldar var opphaveleg 100 %. Denne blei justert ned til 80 % i samband med at dåverande Hordaland fylkeskommune reduserte omfanget av leigeavtala som Fitjar vidaregåande skule hadde. Det er ikkje utarbeidd stillingsinstruks for reinhaldaren. I intervju blir det peika på at reinhaldaren er faglært, og gjer ein god jobb, noko som t.d. bidreg til at vedlikehaldsetterslepet er mindre enn kva det kunne vore.

5.3.2 Mål og verksemdstrategi

Det er ikkje utarbeidd overordna styringsdokument som t.d. verksemdsplanar eller strategidokument for FKIB. Det er heller ikkje fastsett kva mål selskapet har, forutan det som går fram i vedtektene. Det er vidare ikkje formalisert korleis leiinga og styret skal arbeide for å nå måla til selskapet slik desse går fram av vedtektene. I intervju blir det både frå selskapet og kommunen vist til at selskapet er lite og oversiktleg, og har tydeleg mål (sjå også avsnitt 3.3).

Det blir peika på at det i samband med ulike søknadar frå selskapet til kommunen om stønad har blitt utarbeidd grunnlagsdokument som skildrar kva som utfordringar selskapet står ovanfor, og kva som kan og bør gjerast for å utbetre desse. T.d. utarbeidde selskapsleiinga dokumentet *Visjonar og framtid* som grunnlagsdokument for søknaden til kommunestyret om ekstraordinær driftsstøtte i 2020 og 2021 grunna bortfall av driftsinntekter under covid-19-pandemien. Her går det mellom anna fram kva planar og ønskjer selskapet har for vidare drift.

Dokumentet inneheld ein diskusjon om moglege alternative måtar å organisere FKIB på sett i lys av den utfordrande økonomiske situasjonen (sjå kapittel 2 og avsnitt 5.5.2). Mellom anna blir det peika på at kulturhuset i Etne (Skakkesenteret) er eit SA (samverkeføretak), medan kulturhuset i Bømlo er eit KF (kommunalt føretak). I intervju med både selskapet og kommunen blir det vist til at ein ønskjer å fortsette med den selskapsforma ein har i dag, då dette mellom anna gjev betre moglegheiter til å hente inn sponsormidlar, søke på ulike støtteordningar, samt rekruttere brukarar av bygget og andre engasjerte til dugnad.

I intervju med assisterande rådmann blir det poengtert at selskapet bør ha ein tydelegare strategi.

¹⁰ Det gjekk spesielt på å utvikle treningssenteret, som er leigetakar på FKIB, og som er drevet av FIL.

5.3.3 Vurdering

Undersøkingar viser at selskapet i praksis har tydelege mål og ei tydeleg organisering. Selskapet er lite, og det kjem ikkje fram indikasjonar på at den praktiske organiseringa ikkje er føremålstenleg. Det at selskapet er lite og har tydelege mål, betyr òg at det er grenser for kor mykje skriftleg materiale som trengs å utarbeidast med omsyn til strategi og verksemdsplanar. Likevel vil revisjonen peike på at slike styrande dokument kan bidra til betre styring av selskapet, særleg med omsyn til prioriteringar. I tillegg vil det vere ein føremon for både eigarane av selskapet og brukarane av bygget at det er tydeleg kommunisert kva mål, strategi og planar selskapet har.

5.4 Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling

5.4.1 Datagrunnlag

Det er ikkje utarbeidd noko formell fullmaktsstruktur i selskapet, forutan at fullmakt til å signera for selskapet ligg til styreleiar med ein styremedlem.

Som nemnt er det ikkje utarbeidd stillingsinstruksar for dei tilsette eller for styret, og det er heller ikkje formelt fordelt noko ansvar eller oppgåver mellom dei tilsette. Det blir opplyst at oppgåver og ansvar følger naturleg av stillingane. Reinholdaren driv reinhold, medan dagleg leiar handterer alle andre oppgåver. For dagleg leiar inkluderer dette også oppfølging av og dialog med reinholdaren.

Dette medfører at **dagleg leiar** har eit breitt oppgåvespenn, som mellom anna omfattar oppgåver knytt til den daglege drifta av huset og selskapet, inkludert økonomiske og merkantile oppgåver (som fakturering, godkjenning betalningar, kasseoppgjær, gjennomgang av post/e-post), og drift og vedlikehald av sjølve bygget (inkludert sjekkrunde på huset og praktiske gjeremål knytt til mindre vedlikehald).

I tillegg har dagleg leiar oppgåver knytt til aktivitetane på huset, t.d. når det gjeld å førebu lokalar til aktivitetar, og då gjerne knytt til kurs, møter og liknande. I slike samanhengar riggar han fasilitetar som lyd, videokanon og IKT. Han er òg involvert i gjennomføring av aktivitetar og møter, som ofte skjer på kveldstid. Vidare løyser han diverse praktiske oppgåver knytt til gjennomføringa av ymse idrettsarrangement.

Dagleg leiar har òg fleire oppgåver knytt til drifta av kinoen; han driv marknadsføring (både med plakatar som skal opp og annonsering på Facebook), og det er dagleg leiar som bestiller inn filmar frå leverandørar. Han kvalitetssikrar vidare overføringa av filmene, sikrar at det tekniske utstyret fungerer, og testkøyrar kinoen. Han skal også sørge for at dei har folk til dugnad for sal av billettar og til å vise filmene.

Dagleg leiar har òg ansvar for å halde dei fire informasjonsskjermene som FKIB har rundt i Fitjar oppdaterte.

Vidare har dagleg leiar oppgåver knytt til innhenting sponsormidlar, både for eigne arrangement, og for skiltet som heng på bygget.

Mykje av oppgåvene til dagleg leiar er elles knytt til oppfølging av eksisterande arrangement og planlegging av nye arrangement. På grunn av covid-19-pandemien, har det vore lite arrangement i 2020 og so langt i 2021. Dette har gjort at dagleg leiar heller har nytta tid på å identifisere moglegheiter for å stønad, og skrive søknader for slike tilskotsordningar.

Dagleg leiar har også ansvaret for å inngå nye og justere på eksisterande leigeavtalar. Han opplyser i intervju å ha dagleg kontakt med leigetakarane på bygget.

Også **styreleiar** er involvert i den daglege drifta, dels gjennom rolla som styreleiar, og dels gjennom dugnadsarbeid. Dei mest sentrale oppgåvene han løyser for FKIB er å følgje opp drifta/økonomi kvar veke gjennom samtalar med dagleg leiar, delta gjennom dugnad ved arrangement (t.d. kino), og vere samtalepartner for dagleg leiar, samt følgje opp vedtak styret har gjort og leggje til rette for god informasjon til styret. Styreleiar har òg dialog med kommunen.

I tillegg deltek frivillige i dugnadsarbeidet for å halde drifta i selskapet og på bygget oppe. Styreleiar estimerer at dugnadsinnsatsen på bygget totalt utgjer om lag eitt årsverk.

I intervju med både ordførar og rådmann i Fitjar kommune, blir det nemnt at det bør bli meir rolleklarheit i organisasjonen, til tross for at det er ein liten organisasjon med mange oppgåver som jobbar tillitsbasert. Det blir peika på at fleire av dei involverte har mange hattar, og at det difor er viktig å tydeleggjere rollane og dei ulike oppgåvene.

5.4.2 Vurdering

Undersøkingar viser at det FKIB ikkje har formalisert kven som har kva fullmakt i selskapet (forutan til å signera på vegner av selskapet), eller kven som har kva oppgåver eller kva ansvar. Revisjonen er merksam på at selskapet er lite, og at mykje av drifta i selskapet og forholdet mellom selskapet og eigarane er tillitsbasert. Det kjem ikkje fram informasjon som tyder på at den praktiske oppgåvefordelinga i selskapet ikkje er føremålstenleg

Revisjonen meiner likevel det kan vere ein føremon om selskapet tok grep for å tydeleggjere oppgåve- og ansvarsdelinga, og då særleg med omsyn til kva oppgåver som ligg til dagleg leiar og kva som ligg til styreleiar; nettopp fordi selskapet er lite, er det òg svært avhengig av enkeltpersonar. Dette gjer selskapet sårbart ved eventuelle utskiftingar av sentrale ressurspersonar. Risikoen som følgjer av slik sårbarheit aukar som følgje av manglande formalisering knytt til oppgåve- og ansvarsdeling. Følgjeleg er det revisjonen si vurdering at oppgåve- og ansvarsdeling bør formaliserast, for slik å redusere denne risikoen.

I tillegg vil revisjonen peike på at ei formalisering av oppgåver og ansvarsforhold vil gjere det tydeleg for både eigarane av selskapet, brukarane av bygget, og innbyggjarane i kommunen kven som skal løyse kva oppgåve og har kva ansvar.

5.5 System, rutinar og praksis for utvalde arbeidsprosessar

5.5.1 System og rutinar

I både dokumentasjon og intervju blir det vist til at selskapet har få tilsette, er lite komplekst, og i stor grad er avhengig av dugnadsarbeid frå både frivillige innanfor idrett og kultur, og frå ressurspersonar engasjert i bygget, som t.d. styreleiar. Det blir vidare gjennomgåande vist til at mykje av arbeidet som blir gjort i og for selskapet, er lite formalisert. Dagleg leiar opplyser at det ikkje er utarbeidd rutinar, retningslinjer eller liknande for sentrale arbeidsprosessar i selskapet. Han forklarar vidare at det meste av arbeidsoppgåvene i det daglege blir handtert av han sjølv, men at han har vekentleg kontakt med styreleiar som bidreg og hjelper med ulike oppgåver (sjå også 5.4.1). Gjennom denne kontakten med styreleiar er også styret informert om mykje av aktivitetane i selskapet.

I tillegg fortel dagleg leiar at meir kompliserte og vesentlege saker blir handsama i styret. Som døme på ei slik sak, nemner dagleg leiar ein leigeavtale noko tilbake i tid, der kommunen nytta rom i FKIB til norskundervisning for framandspråklege. Denne leigeavtalen var ganske omfattande, og blei handsama av styret. Dagleg leiar fortel at det er sjeldan at slike saker kjem opp og må til styret (praksis for utleige er nærare skildra under). Meir generelt fortel dagleg leiar at saker til styret blir førebudd av han sjølv, og ofte vil det dreie seg om orienteringssaker meir enn at styret skal fatte noko vedtak.

Under er praksis for to utvalde arbeidsprosessar nærare skildra; økonomistyring og anskaffingar. Førstnemnte er valt på bakgrunn av selskapet si utfordrande økonomiske situasjon, og det er difor viktig at selskapet har gode rutinar på dette området. Anskaffingar er valt fordi regleverket for offentlege anskaffingar er komplisert og slik har en høg ibuande risiko. Det er difor viktig å avklare om selskapet er omfatta av regelverket eller ikkje.

5.5.2 Økonomistyring

FKIB har ikkje skriftlege rutinar for økonomistyring. I praksis blir dette arbeidet handtert av dagleg leiar med støtte frå styreleiar. Vidare blir årsbudsjetta til FKIB vedteke av styret, og årsrekneskap blir handsama av både styret og generalforsamlinga.¹¹ Gjennom dei vekentlege treffpunkta mellom dagleg leiar og styreleiar blir styret også heldt orientert om selskapet si økonomiske situasjon. Frå styreprotokollar går det også fram at dagleg leiar skriftleg held styret orientert om den økonomiske situasjonen, t.d. med kvartalsvise rekneskapsrapportar.

FKIB har engasjert ekstern rekneskapsfører. Avtalen viser at rekneskapsføraren utfører følgjande oppgåver for selskapet: bokføring, årsrekneskap, løn og personal, oppbevaring av rekneskapsmateriale og bankbelasting (remittering). I intervju med dagleg leiar blir samarbeidet med rekneskapsfører skildra som ryddig og stabilt.

Gjennomgåande blir det vist til at selskapet sin økonomiske situasjon er og har vore utfordrande (sjå også kapittel 2). Både i intervju og frå tilsendte rekneskap går det fram at drifta i selskapet dei siste åra har gått med eit lite overskot før avskrivningar, men at avskrivningane på tomt, bygning og driftslausøyre (inventar mv.) er av ein slik storleik at årsrekneskapane totalt har gått i minus over tid.

¹¹ Innkallingar og protokollar frå styremøte i 2019 og 2020 viser at budsjett og årsrekneskap har blitt handsama der. Gjennomgang av innkallingar og protokollar frå generalforsamlingar i 2019 og 2020 viser at årsrekneskap og årsmelding har blitt handsama der.

Revisjonen har gjennomgått selskapet sine budsjett for 2018, 2019 og 2020, og årsrekneskapane for 2018 og 2019.¹² Gjennomgangen av rekneskapen viser at selskapet hadde eit noko mindre underskot i 2018 enn budsjettert, og eit noko større underskot i 2019 enn budsjettert.

Basert på gjennomgang av resultatrekneskap for dei siste åra, er utgiftene til selskapet i hovudsak knytt til løn og personalkostnader (pensjon, arbeidsgivaravgift, mv.), varekostnader (t.d. knytt til innkjøp av varer for vidaresal, leige av utstyr til arrangement og til artistar), og kostnader knytt til lokala (t.d. renovasjon, lys og varme), reperasjon og vedlikehald av bygningsmassen, utgifter til kontorutstyr og infrastruktur (programvare, telefon, breiband), forsikring og kjøp av rekneskapstenester. I intervju viser dagleg leiar til at selskapet dei siste åra har avslutta fleire serviceavtalar for å spare pengar. Styreleiar viser på si side til at FKIB nyttar seg av kommunen sine innkjøpsavtalar der det er mogleg, då dette er rimelegare og sparar selskapet for ein god del pengar. Som konkrete døme peiker han på at selskapet har gått inn på same renovasjonsordning som kommunen, og nyttar kommunen sitt nettverk til å vere kople til internett.

Inntektene i selskapet kjem i det alt vesentlege frå utleige av lokalar, kinodrift og billettinntekter frå arrangement, samt sponsormidlar og støtte frå næringslivet. Inntekter frå billetter til arrangement har i 2020 og so langt i 2021 i hovudsak falt bort på grunn av covid-19-pandemien.

I intervju med både selskapet og kommunen blir det vurdert å vere avgrensa kva moglegheiter selskapet har til å utbetre den økonomiske situasjonen. T.d. viser styreleiar i intervju til at økonomistyringa i selskapet er god og oversiktleg, og han meiner dagleg leiar følger opp økonomien i selskapet på ein god måte gjennom godt samarbeid med rekneskapskontoret. Styreleiar framheld at dei økonomiske utfordringane ikkje er knytt til økonomistyringa i selskapet, men heller utilstrekkeleg finansiering.

Både ordførar og rådmann anerkjenner at den økonomiske situasjonen til FKIB er vanskeleg. Ordføraren peiker på at det ikkje er uvanleg for kulturhus på bygda å ha økonomiske utfordringar, ettersom dei er dyre å drifte og har marginalt med inntekter. Tilsvarende argumenterer rådmannen med at kultur og idrett er ein viktig, men ikkje betalingssterk sektor, noko som gjer det utfordrande for slike kulturbygg å gå i økonomisk balanse.

Det blir gjennomgåande vist til at konsekvensane av den vanskelege økonomiske situasjonen til FKIB mellom anna er at selskapet ikkje har råd til å gjere naudsynnte investeringar knytt til vedlikehald, og at dagleg leiar brukar mykje tid på å kjempe om kroner og øre, heller enn å fokusere på drift og å skape arrangement og aktivitet på bygget.

Basert på det som kjem fram i intervju, er det brei semje om at FKIB bør få eit årleg driftstilskot frå kommunen for å utbetre den økonomiske situasjonen, men at det er trong for ein ekstern gjennomgang av økonomistyringa i selskapet for å undersøke kva forbetringspunktar som eventuelt finst. I økonomiplanen for Fitjar kommune for 2021-2024, ligg det inne forslag om at FKIB skal få årleg driftstilskot frå 2022 og framover.

Utleige

I fleire intervju blir det peika på at leigeinntektene utgjer ein vesentleg del av inntektene til selskapet, samtidig som det av fleire blir stilt spørsmål om kva som ligg til grunn for korleis utleigeforholda er avtala, og då særleg med omsyn til fastsetting av leigeprisen.

I intervju viser t.d. rådmannen til at det er uklart kva som ligg til grunn for korleis husleiga blir fastsett, og ho stiller spørsmål ved om det er berre historiske avtalar som ligg til grunn, eller om det blir gjort konkrete og materielle vurderingar av t.d. areal, tidsbruk, slitasje o.l. Ho meiner selskapet bør stramlinjeforme retningslinjene for korleis husleigeprisar blir fastsett, for å sjå på moglegheita for å auke inntektene. Samtidig er rådmannen medviten utfordringane knytt til å auke leigeprisane for mykje, då brukarane ikkje er svært betalingssterke, og fleire av dei kommersielle leigetakarane har andre moglege lokalar dei kan flytte til om prisen blir for høg. Også ordføraren viser til at det er grensar for kor høge leigeinntekter selskapet kan ta.

Dagleg leiar opplyser i intervju at det ikkje finst nokon retningslinjer for korleis nye avtalar skal inngåast eller for korleis prisen for dei ulike leigeforholda blir fastsett. I regelen er det dagleg leiar som handterer desse oppgåvene, men som nemnt har han støtte frå styreleiar i det daglege knytt og til dette. I tillegg blir det vist til at dersom ei sak er av ein viss kompleksitet, blir den løfta til styret for handsaming.

Dagleg leiar viser til at leigetakarane betalar ulike priser på grunnlag av skreddarsydde avtalar som mellom anna tar omsyn til om leigetakarane er kommersielle eller ikkje, og i kva omfang dei ikkje-kommersielle leigetakarane bidreg med av dugnadsinnsats. I regelen betalar kommersielle aktørar meir i leige enn kva som er tilfelle for

¹² Årsrekneskapen for 2020 var ikkje ferdig på revisjonstidspunktet.

leigetakarar frå kultur og idrett. Det er ingen rutinar for kva tid den enkelte avtale skal reforhandlast. Dette er bestemt av avtalane si varigheit.

Dagleg leiar opplyser at avtalane med korpsa og kora er reforhandla, og at selskapet i dag får meir igjen av desse enn tidlegare. Vidare peiker han på at om leigeforholdet til nokre av dei ålmennyttige leigetakarane skal justerast, vil det vere mest å hente på avtalen med FIL. Samtidig understrekar også han utfordringa knytt til å auke leigeprisane for mykje. Når det gjeld FIL og dei andre ikkje-kommersielle leigetakarane fordi desse ikkje er betalingssterke, medan dei kommersielle leigetakarane har andre moglegheiter i Fitjar.

FKIB er frivillig registrert i meirverdiavgiftsregisteret. Både meirverdiavgiftspliktige verksemder og verksemder som ikkje er meirverdiavgiftspliktige leiger lokalar frå FKIB. Selskapet opplyser at dei i utgangspunktet fakturerer inklusiv meirverdiavgift på utleige av lokalar til leigetakarar som får frådrag eller kompensasjon for meirverdiavgift, og ikkje til verksemder som ikkje gjer det.

I praksis fakturerer FKIB Fitjar kommune, Fitjar vidaregåande skule (Vestland fylkeskommune) og dei ulike næringsaktørane som reklamerer på sponsorveggen inklusiv meirverdiavgift. Sistnemnde gruppe får frådrag for betalt meirverdiavgift, medan dei to førstnemnde har rett på kompensasjon.

FKIB fakturerer ikkje fysioterapeutane inklusiv meirverdiavgift. Rekneskapsføraren til FKIB opplyser at denne verksemda er vurdert å ikkje vere avgiftspliktig, og at direkte kostnader knytt til dette er vurdert å ikkje vere frådragsrettkomen. Fysioterapeutane leverer helsetenester, og er unntatt berekning av meirverdiavgift, jf. meirverdiavgiftslova § 3-2. Selskapet opplyser at dei tidlegare også leigde ut lokalar til ein kommunal fysioterapeut, og at dei då fakturerte kommunen inklusiv meirverdiavgift for dette leigeforholdet.

Vidare fakturerer ikkje FKIB Fitjar Fjordhotell, FIL, Fitjar Frivilligsentral, dei ulike korpsa og kora inklusiv meirverdiavgift. Grunngevinga for at korpsa, kora og FIL ikkje blir fakturert inklusiv meirverdiavgift, er at desse er rekna som samfunnsangele og ålmennyttige organisasjonar, jf. meirverdiavgiftslova § 3-12. Når det gjeld FIL, opplyser rekneskapsføraren til FKIB at denne verksemda er vurdert å ikkje vere avgiftspliktig, og at direkte kostnader knytt til dette er vurdert å ikkje vere frådragsrettkomen.

Fitjar Fjordhotell blir heller ikkje fakturert inklusiv meirverdiavgift for leige av tomt. Revisjonen får opplyst at dette nok er feil, då Fjordhotellet er avgiftspliktig og det ikkje er noko ved verksemda på tomten som gjer at det ikkje skal fakturerast inklusiv meirverdiavgift.

I tabell 6 på side 28 er utleigeforholda til FKIB lista opp, med leigeforhold/leigetakar lengst til venstre, omtrentleg verdi på avtalen, om leigetakar betalar meirverdiavgift, om leigetakar er rekna som ålmennyttig eller kommersiell, og ein forklarande kommentar lengst til høgre.

Som det går fram av tabellen, har FKIB totalt leigeinntekter på om lag NOK 1 473 000. Av dette kjem ca. NOK 1 202 000 frå kommersielle aktørar, medan leigeinntektene får ålmennyttige aktørar utgjør rundt NOK 271 000. Omrekna betyr det at ca. 82 % av leigeinntektene kjem frå kommersielle aktørar, og dei resterande 18 % frå ålmennyttige aktørar.

Tabell 6: Utleigeforholda til FKIB

Leigeforhold	Leigetakar	Inntekt i NOK	Mva.	Ålmennyttig/ Kommersiell	Kommentar
Bibliotek og kultursal	Fitjar kommune	290 000	Ja	Kommersiell	Drifta av kommunen. Denne aktøren betalar ikkje en høg m ² -pris, men dagleg leiar meiner leigeavtalen i dette tilfellet er ryddig og samhovande. Kultursalen er eigd av kommunen, men drifta av FKIB. Når kommunen leiger salen, betalar det i regelen kostpris (straum og reinhald), men dette varierer noko.
Kulturskulen	Fitjar kommune	45 000	Ja	Kommersiell	Eigen avtale med kommunen.
Seniorsenter	Fitjar kommune	40 000	Ja	Kommersiell	Biblioteket og kommunen har overtatt utleige av seniorsenteret, og betalar leige til FKIB. Seniorsenteret driftar dette sjølve. FKIB har ansvar for vask og straum.
Ope hus	Fitjar kommune	15 000	Ja	Ålmennyttig	Fitjar kommune betalar, medan Frivilligsentralen arrangerer. Arrangement kvar onsdag frå 1800-2100 for ungdomsskulen mv.
Gymsal	Fitjar VGS	177 000	Ja	Kommersiell	Den vidaregåande skulen leiger gymsal.
Fysioterapiklinikkar	2 fysioterapeutar	147 000	Nei	Kommersiell	Fysioterapeutane betalar NOK 650/m ² , som dagleg leiar seier er på nivå med marknadspris elles i kommunen.
Fitjar Treningssenter	Fitjar Idrettslag	196 000	Nei	Kommersiell	Drifta av FIL, ein stor aktør som bidrar med vesentlege summer til FKIB i driftsinntekter.
Tomteleige - Sportell	Fitjar Fjordhotell	87 000	Nei	Kommersiell	Fitjar Fjordhotell betalar tomteleige til FKIB. Hotellet har bygd to bustadfløyer av enklare romstandardar. Blir nytta både i samband med idrettsarrangement, men for arbeidadar knytt til verftsbedriftene i Fitjar og Stord.
Lokalar til trening og kamp	Fitjar Idrettslag	134 000	Nei	Ålmennyttig	Betalar ein fast sum per år. Idrettslaget betalte tidlegare ingenting i leige grunna at dei bidrog med tilskot i samband med bygginga av bygget. Dei begynte så å betale for kampaktivitet i helgene, og i seinare år har dagleg leiar forhandle det slik at dei også betalar eit lite bidrag kvart år for bruk av hall på kveldstid. Dagleg leiar opplyser om at denne avtalen skal bli reforhandla etter revisjonen er gjennomført, men meiner samtidig at det er utfordrande å auke leigeprisen ettersom idrettslaget også driver på dugnad og er prisgitt inntekt frå kommunen.
Fitjar Frivilligsentral	Fitjar Frivilligsentral	20 000	Nei	Ålmennyttig	Betalar ein fast pris, som har vore stabil lenge. Dagleg leiar forklarar at frivilligsentralen betalar ein leigepris under marknadsnivå i kommunen fordi dei, saman med idrettslaget, driftar all dugnadsinnsats på huset og bidrar med å organisere frivillige vakter. Dette gjer at huset kan halde opent for aktivitet fire kveldar i veka.
Lokalar til øving og konsert	Korps	72 000	Nei	Ålmennyttig	Her er det nettopp reforhandla nye avtalar og disse aktørane betalar stykkpris per gong dei bruker huset. Dette blir oppfatta som ideelt når det ikkje er korona, fordi det er meir inntekter i samband med øvingar opp mot konsertar.
	Kor	30 000	Nei	Ålmennyttig	
Sponsorvegg	Næringsaktørar	220 000	Ja	Kommersiell	Årleg støtte frå næringsliv i Fitjar og Stord.
Totalsum		1 473 000			

Innkjøp

I intervju med både eigarrepresentant, styreleiar og dagleg leiar, samt kommunen sin administrasjon, kjem det fram at det ikkje har vore tematisert eller vurdert om FKIB er underlagt regelverket for offentlege anskaffingar. Det har vore implisitt antatt at selskapet ikkje er underlagt dette regelverket. Selskapet har ikkje utarbeidd rutinar, prosedyrar eller retningslinjer for å handle i samsvar med regelverket.

Basert på gjennomgåtte rekneskapstal, gjer selskapet relativt få og små innkjøp i løpet av eit år, men med nokre unntak, som t.d. kjøp av kinoustyr i 2018.¹³

Det blir i fleire intervju peika på at selskapet vil måtte gjere større investeringar i samband med utbetring av eit ikkje-uvesentleg vedlikehaldsetterslep. Det føreligg ingen konkrete planar for kva tid dei ulike utbetringane skal finne stad, eller prognosar for kva storleik det vil vere på investeringane.

5.5.3 Vurdering

Økonomistyring

Undersøkingar viser at det ikkje føreligg formelle rutinar for sentrale arbeidsprosessar i FKIB. Revisjonen er merksam på at selskapet er lite og oversiktleg, og det har ikkje kome fram opplysningar som tyder på at oppgåvene som skal løysast ikkje blir løyst. Likevel meiner revisjonen det ikkje er tilfredsstillande at det ikkje finst skriftlege rutinar. Dette kan auke risikoen for at oppgåver ikkje blir løyst, og i tillegg auke risikoen for at same oppgåve blir løyst ulikt på forskjellige tidspunkt, eller i verste fall blir løyst i strid med regelverk.

Vidare vi revisjonen peike på at på same måte som med oppgave- og ansvarsdelinga drøfta i avsnitt 5.4.2, fører manglande formalisering av rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver til at selskapet er sårbart ved eventuelle utskiftingar av sentrale ressurspersonar. Som eit lite selskap er FKIB allereie svært avhengig av enkeltpersonar. Følgjeleg er det revisjonen si vurdering at selskapet bør utarbeide rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver for å redusere denne risikoen.

Særleg når det gjeld inngåing av leigekontraktar, og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepreis, meiner revisjonen det hadde vore ein føremon om det blei utarbeidd skriftlege retningslinjer. Slike retningslinjer vil gje auka føreseielegheit for både selskapet, eigarane og leigetakarane når det blir inngått nye leigekontraktar eller gamle leigekontraktar blir reforhandla. I tillegg vil slike retningslinjer bidra til auka gjennomsiktighet og etterprovbarheit.

Revisjonen har ikkje særskilt vurdert FKIB si handsaming av meirverdiavgift, og har heller ikkje nok kjennskap til den faktiske bruken av lokala til å gjere ei fullstendig vurdering av dette. Vi vil likevel peike på at meirverdiavgifts-regelverket er komplisert, og at det difor er høg risiko for feil. Dette gjeld særleg i ein situasjon som for FKIB, der nokre av aktivitetane på huset og nokre av leigetakarane er avgiftspliktige, medan andre aktivitetar og andre leigetakarar ikkje er det. Vidare kjem det fram i undersøkinga at det har blitt gjort feil knytt til dette, då eit av utleigeforholda feilaktig ikkje har blitt fakturert inklusiv meirverdiavgift. Problemstillingane knytt til korrekt handsaming av meirverdiavgift bør difor vurderast utgreidd nærare av selskapet for å sikre at dette blir korrekt handsama.

Innkjøp

Undersøkinga viser at FKIB ikkje har gjort noka vurdering av om selskapet er underlagt regelverket for offentlege anskaffingar, og både selskapet og kommunen har implisitt antatt at regelverket ikkje gjer seg gjeldande. Spørsmålet om FKIB er underlagt regelverket for offentlege anskaffingar avheng av om selskapet fyller vilkåra som eit offentlegrettsleg organ, jf. anskaffingslova § 2 første ledd bokstav c, og anskaffingsforskrifta § 1-2 nr. 2.

Vilkåra for å vere eit offentlegrettslege organ er at organet (1) er oppretta for å tene ålmenta sine behov og ikkje er av industriell eller forretningsmessig karakter, (2) eit er sjølvstendige rettssubjekt, og (3) er tilknytt det offentlege i tilstrekkeleg grad ved at organet enten i (a) hovudsak er finansiert av offentlege myndigheiter, eller (b) er underlagt slike myndigheiter eller organ sin ledelsesmessige kontroll, eller (c) organet har eit administrasjons-, leiings- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmane er utnemnt av slike myndigheiter eller organ. Vilkåra 1, 2 og 3 er kumulative, noko som betyr at alle tre må vere oppfylte for at FKIB skal kvalifisere som eit offentlegrettsleg organ. Delvilkåra i vilkår 3 er alternative, noko som betyr at berre eitt av (a), (b) og (c) må vere oppfylt for at vilkår 3 skal vere oppfylt.

Etter revisjonen si vurdering oppfyller Fitjar Kultur og Idrettshus AS første ledd av vilkår 1, om at selskapet skal vere oppretta for å tene ålmenta sine behov, og vilkår 2, om å vere eit sjølvstendig rettssubjekt. Om selskapet

¹³ FKIB fekk tilskot frå kommunen til kjøp av kinomaskin.

oppfyller andre ledd av vilkår 1, om å ikkje vere av industriell eller forretningsmessig karakter, er meir tvilsamt. Som det går fram i undersøkinga, kjem det meste av leigeinntektene til selskapet frå kommersielle aktørar. Revisjonen viser i den samanheng til rettleiaren til regelverket for offentlege anskaffingar, som omtalar prissetting i samanheng med det aktuelle vilkåret på følgjande måte:

Et ytterligere moment av betydning er hvordan virksomhetens priser er fastsatt. Dersom prisene er fastsatt av offentlige myndigheter og ikke etter en ordinær markedsprising vil dette tale for at det ikke er et organ av industriell eller kommersielle karakter.

Under føresetnad om at utleigeprisane som dei kommersielle aktørane betalar til FKIB er bestemt av marknaden, betyr dette at FKIB ikkje oppfyller dette leddet av vilkår 1. Revisjonen vil understreke at vurderinga av om vilkår 1 som heilskap er oppfylt, avheng av ei heilskapleg vurdering av verksemda si karakter. Rettspraksis skil ikkje konsekvent mellom kva vurderingstema som høyrer inn under kva del av vilkåret. Etter revisjonen si vurdering tyder det ovanståande på at FKIB ikkje oppfyller vilkår 1.

I tillegg vil revisjonen peike på at det heller ikkje er sikkert at selskapet oppfyller nokon av delvilkåra i vilkår 3, om å vere tilknytt det offentlege i tilstrekkeleg grad. Selskapet oppfyller ikkje delvilkår (a), om å i hovudsak finansiert av offentlege myndigheiter. Med mindre den årlege støtta frå Fitjar kommune blir vesentleg høgare enn antyda, vil dette vilkåret heller ikkje vere oppfylt dersom det blir vedteke at kommunen skal bidra med eit fast tilskot kvart år. Basert på det som kjem fram i undersøkinga, er heller ikkje delvilkår (b) tilfredsstillt. Derimot kan det vere at delvilkår (c) er oppfylt; som det går fram i avsnitt 3.5.1, er det mogleg at kommunen som majoritetsaksjonær kan velje alle styremedlemmane, sjølv om vedtektene kan tyde på at dette ikkje har vore intensjonen. Om dette er noko kommunen kan, vil delvilkår (c) vere oppfylt, og dermed også vilkår 3.

For di dei tre hovudvilkåra i regelverket er kumulative, og revisjonen meiner funna i undersøkinga tyder på at FKIB ikkje oppfyller vilkår 1 og berre kanskje oppfyller vilkår 3, meiner revisjonen det er mykje som tyder på at FKIB ikkje er underlagt regelverket for offentlege anskaffingar.

5.6 Rapportering

5.6.1 Datagrunnlag

Styret i selskapet blir haldt orientert om drifta i FKIB gjennom både skriftleg rapportering og gjennom hyppig kontakt mellom dagleg leiar og styreleiar. Dagleg leiar utarbeidar kvartalsvise økonomirapporter til styret, samt ein eigen driftsrapporter til kvart styremøte. Dagleg leiar deltek i styremøta, og orienterer der saman med styreleiar om drifta i selskapet.

I tillegg møtast også dagleg leiar og styreleiar kvar veke, og det blir i intervju vist til at styreleiar gjennom dette og eigen innsats på bygget er godt orientert om status i selskapet.

Det ovannemnte er etablert praksis, men verken den kvartalsvise økonomirapportering, driftsrapportane til styret, eller dialogen mellom dagleg leiar og styreleiar, er nedfelt skriftleg at skal finne stad.

Når det gjeld rapportering frå selskapet til eigarane, er dette omtalt i seksjon 3.7. Eigarane blir haldt orientert om situasjonen i selskapet gjennom generalforsamling, der rekneskap og årsmelding med noter blir handsama. I tillegg blir kommunen som eigar haldt orientert om drifta i selskapet gjennom dei årlege møta der dagleg leiar, styreleiar, ordførar og rådmann deltek. Slike møte blir òg gjennomført ved behov.

5.6.2 Vurdering

I undersøkinga går det fram at det formell rapportering frå selskapet til styret og frå selskapet til eigarane skjer gjennom høvesvis styremøte og generalforsamlingar. Styret blir vidare haldt informert om stoda i selskapet gjennom dialogen mellom dagleg leiar og styreleiar, medan kommune òg får informasjon i dei årlege møta med selskapet.

Forutan styremøta og generalforsamlinga, er ikkje rapporteringslinjene frå selskapet til styret eller frå selskapet til kommunen formalisert. Etablert praksis gir likevel låg risiko for at kommunen eller styret ikkje får relevant informasjon frå selskapet.

Likevel vil revisjonen peike på at manglande formalisering knytt til rapporteringslinjer kan auke risikoen for at informasjon som er viktig ikkje når fram til styret eller kommunen som eigar i tide. Vi meiner difor det bør vurderast kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege, og å formalisere desse. I tillegg merkar vi oss at delar av rapporteringa slik den blir skildra framstår som noko einsidig retta mot kommunen som eigar. Revisjonen vil i den samanheng peike på at alle eigarane har rett på same informasjon, jf. aksjelova § 5-15.

6 Konklusjon og tilrådingar

I denne eigarskapskontrollen med forvaltningsrevisjon av FKIB AS har revisjonen undersøkt og vurdert Fitjar kommune si eigarstyring av FKIB AS, og undersøkt og vurdert om FKIB AS har tilfredsstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet.

Overordna er det revisjonen si vurdering at både kommunen si eigarstyring, styret si oppfølging av selskapet og drifta og organiseringa av selskapet i praksis fungerer bra, men at det manglar ein del vesentlege system, rutinar og retningslinjer både i kommunen og i selskapet, og vidare at det er manglar ved fleire av dei systema, rutinane og retningslinjene som eksisterer i både kommunen og selskapet.

Når det gjeld **føremålet** med Fitjar kommune sin eigarskap i selskapet, er dette tydeleg og avklart. Det går fram både i vedtekter og i styrande dokument. Kommunen har ikkje vedteke overordna eller selskapsespesifikke prinsipp for eigarstyring, og har heller ikkje formalisert kven som har kva oppgåve og ansvar knytt til eigarskapsstyring. Heller ikkje eigarskapsoppfølginga er formalisert. Og sjølv om eigarstyring, eigarskapsoppfølginga, og sjølv samhandlinga mellom kommunen og selskapet i det alt vesentlege verkar å fungere bra, er både kommunen og selskapet samd om behovet for ei meir formalisert eigarstyring og eigarskapsoppfølging. Prinsipp for eigarstyring og oppgåve og -ansvarsdeling knytt til dette kan med fordel inngå i kommunen si planlagde eigarskapsmelding.

Det har blitt gjennomført **generalforsamlingar** i FKIB AS dei siste åra i samsvar med krav i aksjelova. Det er **ordføraren** som er kommunen sin **eigarrepresentant**, og som deltek på vegner av kommunen i generalforsamlingane. At ordføraren er kommunen sin eigarrepresentant følgjer av sedvane, og det er ikkje fatta noko formelt vedtak om dette. Dette er ikkje i samsvar med regelverket, som stiller krav om at dersom aksjeeigar ikkje sjølv stiller i generalforsamling, skal fullmektig ha skriftleg fullmakt.

FKIB nyttar **valkomité** som fremjar forslag til **styrekandidatar** til generalforsamlinga. Bruk av valkomité går ikkje fram av vedtektene, noko det bør gjere. Valkomitéen bør også arbeide etter skriftlege retningslinjer. Vidare er det ikkje eintydig om kommunen som majoritetsaksjonær kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita. Dette må avklarast.

Det kjem ikkje fram indikasjonar på at **styret** ikkje følgjer opp selskapet på ein tilfredsstillande måte. Det blir gjennomført styremøte, og i desse møta handsamar styret både budsjett, rekneskap og driftsrelaterte spørsmål. Lite av styrearbeidet formalisert. Det manglar mellom anna ein plan for styret sitt arbeid, det er ikkje utarbeidd styreinstruks eller instruks for dagleg leiar, det blir ikkje gjennomført eigenevalueringar av styret sitt arbeid, og det blir heller ikkje gjennomført **opplæring** av styremedlemmar. Ingen av styremedlemmane er registrert i KS sitt styrevervregister. Desse manglane bør utbetrast.

Selskapet har i praksis tydelege mål og ei tydeleg organisering, men har verken utarbeidd styrande dokument for drifta eller formalisert oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet. Utarbeiding av styrande dokument vil kunne bidra til betre styring av selskapet, og gje eigarane av selskapet og brukarane av bygget ein betre forståing for kva mål, strategi og planar selskapet har, medan ei meir formalisert oppgåve- og ansvarsdeling kan bidra til å redusere sårbarheita som følgjer av at selskapet er avhengig av nokre få, sentrale ressurspersonar.

Selskapet har ikkje skriftlege rutinar for sentrale arbeidsprosessar. Sjølv om selskapet er lite og oversiktleg, aukar manglande rutinar og retningslinjer risikoen for at oppgåver ikkje blir løyst, for at same oppgåve blir løyst ulikt, og for at oppgåver blir løyst i strid med regelverk. Manglande rutinar og retningslinjer gjer òg at selskapet er sårbart ved eventuelle utskiftingar av sentrale ressurspersonar. For å redusere risikoen som følgjer av slik sårbarheit, bør selskapet utarbeide rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver. Dette gjeld særleg for arbeidet knytt til inngåing av leigekontraktar. Slike retningslinjer vil gje auka føreseielegheit for både selskapet, eigarane og leigetakarane når det blir inngått nye leigekontraktar eller gamle leigekontraktar blir reforhandla. I tillegg vil slike retningslinjer bidra til auka gjennomsiktighet og etterprovarheit.

Basert på det som kjem fram i undersøkinga, tilrår revisjonen at kommunen iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd ei eigarskapsmelding som er i samsvar med lovkrava blir gjennomført, slik som planlagt
2. Sikre at eigarstyring og -oppfølginga av selskapet blir formalisert og tydeleggjort, inkludert med omsyn til:
 - a) Mål og strategi for eigarskapen

- b) Oppgåve- og ansvarsdeling for eigarstyring og -oppfølging
 - c) Krav og forventingar til selskapet
 - d) Oppfølginga av selskapet
 - e) Gjennomføring av eigarmøte, inkludert når det gjeld hyppigheit, deltakarar, og agenda
3. Endre vedtektene slik at dei inneheld:
 - a) Kva innkallingsfrist som gjeld for generalforsamling
 - b) At det skal brukast valkomité for val av styremedlemmar
 - c) At varamedlemmane i styret er numeriske
 - d) At det skal vere kjønnsbalanse i styret
 4. Utarbeide formelle retningslinjer for valkomitéen sitt arbeid
 5. Avklare om kommunen kan velje heile styret, eller om vedtektene avgrensar denne moglegheita
 6. Sikre at den som stiller som representant for kommunen i generalforsamlinga har nødvendig fullmakt
 7. Sikre at politikarar og eigarrepresentantar for naudsynt opplæring i eigarskapsforvaltning
 8. Vurdere tiltak som sikrar at styret har tilstrekkeleg kompetanse

Basert på funna i undersøkinga, tilrår revisjonen vidare at selskapet iverksett følgjande tiltak:

1. Sikre at det blir utarbeidd:
 - a) Styreinstruks
 - b) Instruks for dagleg leiar
 - c) Plan for styret sitt arbeid
 - d) Etiske retningslinjer for selskapet
 - e) Styrande dokument for selskapet, som måldokument, verksemdsstrategi og -planar
 - f) Rutinar og retningslinjer for sentrale arbeidsoppgåver, inkludert for inngåing av leigekontraktar (og då spesielt med omsyn til fastsetting av leigepris) og for handsaming av meirverdiavgift
2. Syte for at styremedlemmane blir registrert i KS sitt styrevervregister
3. Sikre at det blir gjennomført årleg eigenevaluering av styret sitt arbeid
4. Vurdere tiltak for å sikre tilstrekkeleg kompetanse i styret, t.d. gjennom styreseminar eller ekstern opplæring av styremedlemmar
5. Tydeleggjer oppgåve- og ansvarsdelinga i selskapet, og då særleg for dagleg leiar og styreleiar. Dette kan t.d. gjerast gjennom styreinstruks og instruks til dagleg leiar, jf. tilråding 1 a) og 1 b).
6. Vurdere kva rapporteringslinjer som er føremålstenlege, og formalisere desse
7. Gjennomføre ei heilskapleg og konkret vurdering av om regelverket for offentlege anskaffingar gjer seg gjeldande for selskapet

Vedlegg 1: Høyringsuttaler

Frå Fitjar kommune:

From: Olaug Haugen <olha@fitjar.kommune.no>
Sent: fredag 25. juni 2021 12:38
To: Lovlie, Frode <flovlie@deloitte.no>; Harald Rydland <hary@fitjar.kommune.no>
Cc: Svein Dale Soleng <svso@fitjar.kommune.no>
Subject: [EXT] SV: rapport til høyring

Hei,

Rådmannen meiner at forvaltningsrevisjonsrapporten kring FKIB gje ei korrekt framstilling, og har ingen merknadar til denne.

Mvh

Olaug Haugen
Rådmann

Frå Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS:

From: Ole Bergesen <ole@fkib.no>
Sent: fredag 25. juni 2021 12:43
To: Lovlie, Frode <flovlie@deloitte.no>; Agnar Aarskog <Agnar.Aarskog@sr-bank.no>
Subject: [EXT] SV: rapport til høyring

Hei Frode ! Styreleiar og underteikna har ikkje noko ytterligere kommentarer til rapporten !
God helg !



Fitjar Kino
Fitjar Kultur og Idrettsbygg
Ole Bergesen
Dagleg leiar

ole@fkib.no
Tlf: 941 32 310
Besøk vår nye heimeside: www.fitjarkino.no

Vedlegg 2: Kontroll- og revisjonskriterium

Innleiing

Kontroll- og revisjonskriteria er henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer.

Aksjelova

Aksjelova § 2-2 første ledd fastsett minstekrav til kva vedtekter i eit aksjeselskap skal innehalde. Dei er: selskapet sitt føretaksnamn, kommunen der forretningskontoret ligg, selskapet si verksemd, aksjekapitalen sin storleik jf. § 3-1, samt aksjane si pålydande (nominelle beløp), jf. § 3-1.

§ 3-4 stiller krav om at selskapet skal ha ein eigenkapital og likviditet som til ei kvar tid er forsvarleg sett opp mot risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet.

Gjennom generalforsamlinga representerer aksjeeigarane den øvste mynda i selskapet (jf. § 5-1).

I § 5-16 andre ledd går det m.a. fram at generalforsamlinga sine avgjersler skal gå fram av protokollen.

Styremedlemmane blir vald av generalforsamlinga, som også avgjer om det skal veljast varamedlemmar (jf. § 6-3 første ledd). Styremedlemmar tenestegjer i to år og tenestetida kan i vedtektene settast kortare eller lenger, herunder på ubestemt tid (jf. § 6-6). Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, (jf. § 6-12).

I aksjelova § 6-12 går det fram at:

- (1) Forvaltninga av selskapet høyrer under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.
- (2) Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette retningslinjer for virksomheten.
- (3) Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6-12 er den paragrafen som definerer «forvaltningsansvaret» til styret. § 6-13 blir tilsvarande omtalt som «tilsynsansvaret». Det går fram av § 6-13 at styret sitt tilsynsansvar inneber at styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga.

Ifølgje § 6-14 skal dagleg leiing stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, samt følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir. Vidare går det fram at den daglege leiinga ikkje omfattar saker som etter selskapet sitt forhold er av uvanleg art eller stor betydning. I tillegg skal dagleg leiar sørge for at selskapet sin rekneskap er i samsvar med lov og forskrift, samt at formueforvaltninga er ordna på ein tryggande måte. Minst kvar fjerde månad skal dagleg leiar, i møte eller skriftleg, gje styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, jf. § 6-15. Vidare kan styret, eller einskilde styremedlemmar, til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker.

Aksjelova § 6-23 første ledd held fram at styret skal fastsette ein styreinstruks som gir nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming.

Meirverdiavgift

Utleige av fast eigedom er som utgangspunkt unnateke meirverdiavgift, jf. meirverdiavgiftslova § 3-11 første ledd. Utleigeverksemd kan likevel bli underlagt regelverket gjennom ei frivillig registrering i Meirverdiavgiftsregisteret etter § 2-3 første ledd eller tredje ledd i lova. Den frivillige registreringa vil berre omfatte areal leigd ut til bruk for meirverdiavgiftspliktig verksemd eller til bruk for kommunal, fylkeskommunal eller interkommunale verksemd omfatta av ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon, jf. meirverdiavgiftskompensasjonslova § 2 bokstav a og b. Utleigar må ved frivillig registrering legge meirverdiavgift på husleiga til leigetakar. Samtidig får utleigar frådrag for inngåande meirverdiavgift på t.d. oppføringskostnader og driftskostnader knytt til areal utelukkande brukt i den registrerte utleigeverksemda, jf. mval. § 8-1. Ved fellesinnkjøp som dels også er til bruk for utleige til ikkje-avgiftspliktige/kompensasjonsberettiga verksemdar, vil frådraget etter hovudregelen vere forholdsmessig etter ein viss fordelingsnøkkel, jf. mval. § 8-2.

Kommunelova

Kommunelova § 26-1 stiller krav om at kommunen minst éin gong i valperioden skal utarbeide ein eigarskapsmelding som blir vedtatt av kommunestyret. Denne eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- a) kommunens eller fylkeskommunens prinsipper for eierstyring
- b) en oversikt over selskaper, kommunale eller fylkeskommunale foretak og andre virksomheter som kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser eller tilsvarende interesser i
- c) kommunens eller fylkeskommunens formål med sine eierinteresser eller tilsvarende interesser i virksomhetene nevnt i bokstav b.


Internkontroll

COSO

COSO er eit anerkjent rammeverk for internkontroll. COSO definerer internkontroll som ein kontinuerleg prosess, utført av styre, leiing og andre tilsette i ei verksemd for å gje rimeleg tryggleik for at ein når mål knytt til: målretta, effektiv og føremålstenleg drift; påliteleg intern og ekstern rapportering; og etterleving av lovar, reglar og interne retningslinjer. Rammeverket omfattar fem hovudelement: kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, og oppfølging frå leiinga.

Komponentane er gjensidig avhengige av kvarandre, og likeverdige deler av eit internkontrollsystem. COSO-modellen kan illustrerast slik:

Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen.



I COSO sitt rammeverk går det frem at mål på sektorovergripande nivå er ein føresetnad for internkontroll. Leiarar og tilsette organisasjonen må ha ei forståing for dei overordna strategiane og måla i organisasjonen, og ein del av internkontrollarbeidet er å spesifisere målbare, oppnåelege, relevante og tidfesta mål som organisasjonen skal jobbe etter. Desse overordna måla skal operasjonaliserast til dei underliggande einingane i organisasjonen.

Kontrollmiljø

For å sikre ein god internkontroll er det, ifølgje COSO-modellen, viktig å utvikle eit godt kontrollmiljø. Kontrollmiljøet er dei standardane, prosessane og strukturane som dannar basis for organisasjonen sitt internkontrollarbeid. Det er fleire viktige prinsipp for eit godt kontrollmiljø, mellom anna:

- at organisasjonen viser at dei er opptatt av integritet og etiske verdiar
- at leiinga, med utgangspunkt i organisasjonen sine mål, etablerer struktur, rapporteringsvegar og eigna fullmakts- og ansvarstilhøve.
- at organisasjonen forpliktar seg til å tiltrekke seg, utvikle og behalde kompetanse som samsvarer med organisasjonens mål.

Kommunikasjon og informasjon

For å etablere god internkontroll er det i følge COSO-modellen viktig med effektiv og tidsriktig informasjon og kommunikasjon, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Dette krev føremålstenlege møte- og rapporteringspunkt, og system som sikrar at vesentleg informasjon blir kommunisert til rett nivå.

Risikovurderingar

Risikovurderingar er eit sentralt element både i rammeverket for internkontroll i COSO, og dei sektorspesifikke og tenestepesifikke krava til internkontroll.

Gjennom risikovurderingar gjer ein systematisk gjennomgang av tenestene for å finne fram til aktivitetar eller prosessar kor det til dømes er fare for manglande målinnfriing, manglande etterleving av regelverk / rutinar, mangelfull rapportering eller utilfredsstillande kvalitet i tenestene.

Kontrollaktiviteter

Kontrollaktivitetar er dei retningslinjer, aktivitetar og rutinar som blir sett i verk i den daglege drifta for å sikre at organisasjonen når måla sine. Eit prinsipp som blir lagt til grunn er at leiinga skal etablere rutinar og retningslinjer som inngår som ein del av den daglege drifta i organisasjonen. Slike rutinar skal gjere det klart kva som er forventa av einingane, og skal gjere det tydeleg kven som har ansvar for å gjennomføre rutinen. COSO åtvarar mot at uskrivne rutinar kan vere lette å omgå og kostnadskevjannde for organisasjonen å vedlikehalde dersom det er utskifting av personell. Vidare tilrår COSO at leiinga ved jamne mellomrom gjennomgår og oppdaterer prosedyrar og kontrollaktivitetar.

Leiinga si oppfølging

COSO-rammeverket legg til grunn at for å sikre gjennomføring av handlingar eller endringar som er naudsynte for å oppnå ein god internkontroll, er leiinga si oppfølging viktig. Dette krev at leiinga må ha tilstrekkeleg innsikt til å vurdere kva element i internkontrollen som fungerer bra og kva element som bør forbeistrast.

Leiinga kan til dømes følge opp internkontrollen gjennom regelmessige gjennomgangar i møte (leiinga si gjennomgang), inspeksjonsrundar/stikkprøver, og/eller systemrevisjonar.

Regelverket for offentlege anskaffingar

Lov om offentlige anskaffelser (LOA) har ifølge § 1 følgende formål:

Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptrer med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

LOA omfattar mellom anna oppdragsgivarar som er offentlegrettslege organ, jf. LOA § 2 første ledd bokstav c. Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 1-2 andre ledd definerer eit offentleg rettsleg organ:

- (2) Et offentligrettslig organ er et organ som
- a) er opprettet for å tjene allmennhetens behov og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter,
 - b) er et selvstendig rettssubjekt og
 - c) har tilknytning til det offentlige ved at
 1. organet hovedsakelig er finansiert av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer,
 2. organets forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers ledelsesmessige kontroll eller
 3. organet har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.

I rettleiaren til forskrifta er offentlegrettsleg organ definert som «organer eller virksomheter som er organisert som egne rettssubjekter og som står i en nær tilknytning til det offentlige.»

Først må det avklarast om organet tener ålmenta sitt behov, det vil seie:

- «samfunnsmessige behov framfor juridiske personers eller enkeltpersoners interesse»,
- «oppgaver som man anser for å være samfunnsoppgaver»,
- «kan gi seg utslag i at virksomheten er helt eller delvis er lovregulert»,
- «virksomheten er gitt eksklusive eller særskilte rettigheter»,
- «virksomheten utøver aktiviteter som normalt er lagt til det offentlige»

Så må ein vurdere om verksemda som tener ålmenta sitt behov, har eit behov som er av industriell eller forretningsmessig karakter, t.d.:

- «om virksomheten vil opptre som en privat aktør i markedet eller om den kan komme til å ta
- hensyn som ikke er rent økonomiske»
- «virksomhetens formålsbestemmelser»
- «hvorvidt virksomheten har fortjeneste som formål»
- «Dersom det er etablert ordninger for å dekke eventuelle økonomiske tap vil det tale for at det ikkje er et organ av industriell og kommersiell karakter, eksempelvis dersom det offentlige vil gå inn og redde virksomheten ved fare for konkurs eller lignende,»
- «Dersom prisene er fastsatt av offentlige myndigheter og ikke etter en ordinær markedsprising vil dette tale for at det ikke er et organ av industriell eller kommersielle karakter.»

Vurderinga av om vilkåret er oppfylt, avheng av ei heilskapleg vurdering av verksemda si karakter. Rettspraksis skil ikkje konsekvent mellom kva vurderingstema som høyrer inn under kva del av vilkåret.

Deretter må organet vere organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt:

Et rettssubjekt er en juridisk person som kan ha rettigheter og plikter, samt foreta rettsstiftende handlinger. Eksempler er aksjeselskaper, ansvarlige selskaper, stiftelser og interkommunale foretak.

Det tredje vilkåret er at organet må vere tilstrekkeleg tilknytt det offentlege:

- «Organet er hovedsakelig finansiert av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer
- Organets forvaltning er underlagt offentlige myndigheters eller andre offentlige organers ledelsesmessige kontroll
- Organet har et administrasjons-, ledelses-, eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmane er oppnevnt av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer.»

Delvilkåra er alternative, noko som betyr at berre eitt av dei må vere oppfylt for at vilkåret skal vere oppfylt.

Dei grunnleggjande prinsippa i anskaffingslova går fram i § 4, som seier at:

Oppdragsgiveren skal opptre i samsvar med grunnleggende prinsipper om konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvningsbarhet og forholdsmessighet.

Konkurranseprinsippet tyder at offentlege kjøp skal skje på grunnlag av konkurranse, utan omsyn til kva for ein innkjøpsprosedyre som blir nytta. *Likebehandling* av leverandørane medfører at kjøpar under heile prosessen skal leggje tilhøva til rette for at flest mogleg av dei potensielle leverandørane får høve til å konkurrere om leveransen på same grunnlag. Prinsippet om «*forutberegnelighet*» omhandlar føreseielegheit for leverandørane. Prinsippet seier at oppdragsgjevar skal syte for at leverandørar har tilstrekkeleg informasjon om konkurransen og gjennomføringa av denne. Prinsippet om *etterprøving* handlar om at anskaffingane til kommunen skal kunne etterprøvast av leverandørane, noko som betyr at dei ulike stega i anskaffingsprosessen må dokumenterast. *Samhøveprinsippet* inneber at dei pliktar og rettar som blir utleia frå dei andre prinsippa, må tilpassast den einskilde anskaffings art og omfang.

Eigarstyring

KS har fastsett 21 tilråding for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal sektor.¹⁴ Under er eit utval av tilrådingane:

Tilråding 3: «For å styrke det kommunale eierskapet anbefales det at kommunestyret eller fylkestinget får tid til kompetanseutvikling eksempelvis ved å avholde eierskapsseminarer for samtlige folkevalgte tidlig i perioden.»

Tilråding 4: «Kommunestyret eller fylkestinget bør årlig få en rapport om tilstanden (økonomi, spesielle forhold osv.) for selskapene.» Slik rapportering bør inngå i eigarskapsmeldinga, jf. kommunelova § 26-1. Det blir peika på at loven sine krav om innhaldet i eigarskapsmeldinga er minimumskrav, og at eigarskapsmeldinga kan vere meir omfattande og innhaldsrik. Vidare tilrår KS at

Det bør også utarbeides en felles eierskapsmelding med andre medeiere hvis kommunen eller fylkeskommunen er medeier i flere selskaper sammen med andre kommuner eller fylkeskommuner. En slik eierskapsmelding vil sikre felles føringer fra eierne der det er mulig.

Tilråding 5: «Kommunestyret eller fylkestinget skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

¹⁴ KS: Anbefalingar om eierstyring, selskapsleiing og kontroll (2020).

Tilråding 6: «KS anbefaler at det jevnlig gjennomføres eiermøter for å bidra til god kunnskap om og dialog med selskapet.» Slike eigarmøte er:

ikke lovregulert og er en uformell arena der det ikkje skal treffes vedtak, men hvor både eieren og selskapet kan ha gjensidig informasjonsutveksling, forventningsavklaringer og drøfte generell utvikling og rammevilkår for virksomheten.

Tilråding 7: «Avhengig av selskapets formål, anbefales det som en hovedregel at kommunestyret eller fylkestinget oppnevner sentrale folkevalgte som selskapets eierrepresentanter i eierorganet.» Med andre ord tilrår KS at fylkestinget som hovedregel bør oppnemne sentrale folkevalgte som eigarrepresentantar i eigarorganet. Dette mellom anna for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom fylkestinget og eigarorganet.

Tilråding 8: «Bestemmelser om innkallingsfrist bør tas inn i vedtektene, slik at det tas hensyn til kommunens eller fylkeskommunens behov for å ha tid til å behandle aktuelle saker.» Aksjelova § 7-5 fastsett at: «Revisor skal delta i generalforsamlingen når de saker som skal behandles, er av en slik art at dette må anses som nødvendig.»

Tilråding 9: «Eier bør gjennom selskapets eierorgan sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Vurder også spørsmål om habilitet i valg av styremedlemmar. Det anbefales at selskapet sikrer opplæring av styremedlemmane.» KS peikar vidare på at fylkeskommunen som eigar også har eit ansvar for å sørge for at styret i selskapet samla sett har den kompetansen som trengs. KS tilrår at styret bør ha kompetanse innan økonomi, organisasjon, marknaden selskapet opererer i, fagleg innsikt, og interesse for selskapets formål. KS understrekar at styreverv er personlege, som betyr at styremedlemmar berre representerer seg sjølve – ikkje parti, enkeltkommunar, eller andre interessentar – og at dei skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

Tilråding 10: «Det bør fastsettes i vedtektene eller selskapsavtalen at valg av styrer i eller fylkeskommunalt eide selskaper bør skje ved bruk av valgkomité. Det bør lages retningslinjer som regulerer komitéens arbeid.» Med andre ord tilrår KS at det bør vere nedfelt i selskapsavtalen at ein nyttar valgkomité. KS tilrår vidare at valgkomiteen si samansetting bør reflektere eigardelane i selskap med fleire eigarkommunar, at det bør utarbeidast retningslinjer som regulerer valgkomiteen sitt arbeid, at valgkomiteen bør grunngje sine forslag, og for å sikre kontinuitet bør ikkje heile styret bli skifta ut samtidig.

Tilråding 11: «Eierorganet bør uavhengig av organisasjonsform tilstrebe balansert kjønnsrepresentasjon i styret. Kjønnsbalansen bør sikres både blant de faste medlemmane til styret og blant varamedlemmane.» Aksjelova § 20-6 inneheld nærare føresegner om kjønnsbalanse i styrar.

Tilråding 13: «Styremedlemmar i morselskapet bør som hovedregel ikke sitte i styret til et datterselskap». Denne tilrådinga er mellom anna grunngjeve med at det er viktig å unngå rolleblanding og dobbeltroller i konsernforhold.

Tilråding 14: «Det anbefales at det oppnevnes varamedlemmar til styret i selskaper. Ordningen med numeriske varamedlemmar bør benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.» KS tilrår også at 1. varamedlem blir invitert til styremøta for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Tilråding 16: «Kommunen eller fylkeskommunen bør i forbindelse med utarbeidelse av eierskapsmelding ha en prinsipiell diskusjon om godtgjøring av styreverv. Denne bør danne grunnlag for eierorganets fastsetting av styrehonorar.»

Tilråding 17: «Kommuner og fylkeskommuner er avhengig av allmennhetens tillit når det gjelder både forvaltning og styring. Åpenhet rundt hvilke roller lokalpolitikere har er viktig for å unngå mistanke om rolleblanding.

Alle som påtar seg styreverv og som sitter i ledelsen for kommunale eller fylkeskommunale foretak og selskaper bør registreres i KS styrevervregister <https://www.styrevervregisteret.no/>»

Tilråding 19: «Sørge for at selskapsstyrene utarbeider og jevnlig reviderer etiske retningslinjer for selskapsdriften. Kommunens eller fylkeskommunens selskaper bør ha en aktiv og bevisst holdning til etiske spørsmål, gjerne fastlagt i egne etiske retningslinjer som utarbeides for og brukes aktivt i det enkelte selskap.»

Vedlegg 3: Sentrale dokument og litteratur

Kontroll- og revisjonskriterium

- Nærings- og fiskeridepartementet. Lov om aksjeselskaper (aksjeloven). LOV-1997-06-13-44.
- Nærings- og fiskeridepartementet. Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven, LOA). LOV-2016-06-17-73.
- Nærings- og fiskeridepartementet. Forskrift om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften, FOA). FOR-2016-08-12-974.
- Nærings- og fiskeridepartementet. Veileder til reglene om offentlige anskaffelser (anskaffelsesforskriften). 2018.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. NOU 1995: 17 Om organisering av kommunal og fylkeskommunal virksomhet
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven). LOV-2018-06-22-83.
- KS: Anbefalinger om eierstyring, selskapsleiing og kontroll. 2020.

Dokument frå kommunen

- Utskrifter av møtebøker frå kommunestyremøte der FKIB har vore tema, inkluder:
 - K-sak 04/99: om skiping av FKIB (sjå også PS 95/99 i formannskapet)
 - PS 66/16: Strategiplan for FKIB
 - PS 92/20: Organisering og finansiering av FKIB
 - PS 56/17: Søknad om støtte investeringstilskot til diverse tiltak
- Kommuneplan 2020-2040 – samfunnsdel
- Selskapsoversikt 2014, 2015, 2016, 2017, 2018 og 2019
- Ymse dokument knytt til møte mellom kommunen og FKIB

Dokument frå selskapet

- Årsmelding og årsrekneskap for 2017, 2018, 2019 og 2020
- Innkalling og protokoll frå generalforsamlingar (2018, 2019 og 2020)
- Innkalling og protokoll frå styremøte (2017, 2018, 2019 og 2020)
- Vedtekter (ulike versjonar, sist vedteke 27. november 2017)
- Diverse vedlikehaldsplanar
- Budsjett for 2018, 2019 og 2020
- Ymse avtalar mellom selskapet og kommunen
- Diverse dokument knytt til søknadar om tilskot frå kommunen

Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

© 2021 Deloitte AS



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/139-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	19/21	01.09.2021

Forvaltningsrevisjon - Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS) - handlingsplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS).
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i 2022. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

Samandrag

Det er gjennomført forvaltningsrevisjon gjeldande Forum for oppvekst i Sunnhordland (FOS). Den er felles for kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å kartlegge kva rammer FOS opererer under og å kartlegge og vurdere erfaringane med og resultatane til FOS. Innstillinga frå kontrollutvalet til kommunestyret vart vedteke i kommunestyremøte 28.04.2021. Dette er første oppfølging av forbetningsarbeidet på denne forvaltningsrevisjonen. Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber om ei ny orientering til første møte i kontrollutvalet i 2022.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Forvaltningsrevisjon - (FOS) - tilbakemelding frå rådmannen
- 2 Forvaltningsrevisjon - (FOS) - drøftingsprotokoll

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret gjorde slikt vedtak i møte 28.04.2021, PS 15/2021:

«Kommunestyret ber rådmannen om:

1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den ein skilde kommune.
2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen.
3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.
4. Sikre at ein tydeleggjere kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.
5. Att rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021 «

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at kommunestyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at: e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapportar, blir fulgt opp.»

Rapportering til kommunestyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for kommunestyret til godkjenning.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har fått oversendt handlingsplan.(sjå vedlegg)

Frå drøftingsmøte mellom etatsjef og utdanningsforbundet er det kome til einigheit om ein del punkter. Frå drøftingsnotatet (sjå vedlegg) er det og vert å merka seg dette:

«Vår vurdering er at rammene for medverknad frå dei tillitsvalde i kommunane i FOS er i samsvar med rammene i hovudavtala. Vi ser likevel at dette er uklart for nokre av dei tillitsvalde. Kommunane kan i nokre tilfelle gje dei tillitsvalde meir informasjon om kva som skjer i FOS og korleis det påverkar dei tilsette sin arbeidskvardag. Samt å syne til at medverknad skal og kan skje i kommunen.»

Ut i frå det sekretariatet kan sjå har kommunen komme godt i gang med forbetningsarbeidet. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går igjennom tilbakemeldinga frå administrasjonen, slik det kjem fram av vedlegget, «punkt for punkt».

Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om ny skriftleg status på oppfølginga til første kontrollutvalsmøte i 2022.

TILBAKEMELDING FRÅ KOMMUNESTYRET SAK 15/2021 - FORVALTNINGSRAPPORT FOS

Rådmannen viser til vedtak i kommunestyret 28. april 2021

Kommunestyret ber rådmannen om:

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.*
 - 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen, og ber om at partane blir samde om ei ordning der drøftingsplikta er nytta på ein god måte.*
 - 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
 - 4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*
 - 5. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021*
-

Tilbakemelding frå rådmannen:

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.*
 - Fitjar kommune vil sikra demokratisk kontroll av samarbeidet gjennom eiga sak via utval for oppvekst og omsorg til kommunestyret. Her vil innhaldet i samarbeidsavtalen bli omtala og presentert for politikarane slik at rammene for samarbeidet for Fitjar kommune vert formalisert gjennom eit vedtak i kommunestyret.
- 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen, og ber om at partane blir samde om ei ordning der drøftingsplikta er nytta på ein god måte.*
 - Viser her til vedlegget som ligg ved. Dette har vore drøfta gjennom eit eige møte mellom etatsjef og hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet 16.06.21.
- 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
 - Dette har det vore føringar for i Fitjar kommune. Etter eit kommuneval har dagleg leiar i FOS vore invitert til utval for oppvekst og omsorg for å informera politisk nivå om korleis FOS er organisert og korleis ein arbeider. I desse møta vert det også informert om den økonomiske sida ved organisasjonen. Dagleg leiar informerte utval for oppvekst og omsorg sist om dette 11. juni 2020. Elles er det slik at treng ein ytterlegare opplysningar frå politisk nivå om dette samarbeidet, så svarar etatsjef på eventuelle spørsmål.
- 4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*

- Fitjar kommune ynskjer å vidareføra den metodikken som vart nytta hausten 2020. Her inviterte FOS kommunane v/skulane og barnehagane til å koma med innspel til kompetansebehov.

Sitat referat mellom etatsjef hovudtillitsvald Utdanningsforbundet 29.10.20

«Kompetansebehov i Fitjar kommune. Fos ynskjer ei tilbakemelding frå kommunenivå med tanke på kva behov skulane har. Dette har vore drøfta tidlegare. No har etatsjefen laga eit dokument som skisserer opp nasjonale og lokale målsetjingar. Dette dokumentet vert teken opp i skuleleiar møtet seinare i dag og det er eit ynskje om innspel både frå skuleleiarane og HTG. Etatsjef og HTG er samde om at dette må drøftast lokalt ved den enkelte skulen».

Kurs og kompetansehevingstilbod gjennom FOS vil til ei kvar tid bli lagt ut på heimesida til FOS slik at både leiinga i skular og barnehagar og dei tilsette til ei kvar tid er orientert om kva tilbod som er tilgjengelege.

Fitjar 10.08.2021

Olaug Haugen
Rådmann

Vedlegg til punkt 2: Drøftingsnotat frå samarbeids møte mellom etatsjef og hovudtillitsvald Utdanningsforbundet

DRØFTINGSNOTAT

Innstilling Kommunestyret ber rådmannen om:

- 1. Sikre at samarbeidet er underlagt demokratisk kontroll på ein måte som er hensiktsmessig for den einskilde kommune.*
- 2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen, og ber om at partane blir samde om ei ordning der drøftingsplikta er nytta på ein god måte.*
- 3. Sikre at det vert vurdert om det er behov for tydelegare kommunikasjon om kva FOS er og korleis FOS blir styrt.*
- 4. Sikre at ein tydeleggjer kva kurs og kompetansehevingstilbod i regi av FOS som dei kan tilby til dei tilsette i oppvekstsektoren.*
- 5. At rådmannen kjem med tilbakemelding på tilrådinga ovanfor til kontrollutvalet, med frist til 10.08.2021*

Etatsjef har ut frå det oppdraget som har blitt gitt hatt drøfting med hovudtillitsvald i Utdanningsforbundet onsdag 16. juni i høve punkt 2 i innstillinga.

2. Sørge for at ein vurderer korleis kommunen kommuniserer moglegheitene for medverknad i høve til FOS til dei tillitsvalde i kommunen, og ber om at partane blir samde om ei ordning der drøftingsplikta er nytta på ein god måte.

Etatsjef la fram følgjande ordning for ei god drøftingsplikt av dei sakene som kjem opp i styringsgruppa i FOS.


- Møteplan for oppvekst inklusive møter i FOS vert sendt til HTG ved oppstart av nytt skuleår slik som tidlegare.
- Sakliste til møter i styringsgruppa vert oversendt HTG seinast 5 dagar før møtet vert halde.
- Etatsjef og HTG lagar ein lokal møteplan for samrådsmøte som legg opp til at sakene som skal opp i styringsgruppa vil kunna bli drøfta på førehand.
- Referat frå møta vert oversendt HTG når dei ligg føre (vert lagt inn i kommunal postliste)
- Etatsjef på kommunenivå vil syta for at HTG på kommunenivå og tillitsvalde ute i einingane vil kunna koma med sine ynskje i høve til kompetansehevingstilbod og andre tenester som dei ynskjer gjennom FOS.
- Det er eit ynskje frå begge partar om at ein skal bli flinkare til å evaluera ulike utviklingsarbeid.

Elles er dei vurderingane KPMG har gjort i høve medverknad følgjande:

« Vår vurdering er at rammene for medverknad frå dei tillitsvalde i kommunane i FOS er i samsvar med rammene i hovudavtala. Vi ser likevel at dette er uklart for nokre av dei tillitsvalde. Kommunane


kan i nokre tilfelle gi dei tillitsvalde meir informasjon om kva som skjer i FOS og korleis det påverkar dei tilsette sin arbeidskvardag. Samt å syne til at medverknad skal og kan skje i kommunen.»

Dette har Etatsjef og Utdanningsforbundet kome til semje om i drøftingsmøtet 16.06.2021



John Karsten Raunholm

Etatsjef- oppvekst og kultur



Katrin I Ankervold

HTG - Utdanningsforbundet



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/135-23
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	20/21	01.09.2021

Rekneskapsrevisjon - oppfølging av revisjonsrapport nr. 26 - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering

Samandrag

I rekneskaps-saka i maimøtet vart det lagt fram ein revisjonsrapport frå revisor som kontrollutvalet skal handsama i dette møtet. I vedtaket frå maimøtet ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem med tilbakemelding på dei forholda som kjem fram av revisjonsrapporten.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Rekneskapsrevisjon -revisjonsrapport nr. 26

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Frå møte i kontrollutvalet 12.05.2021 vart dette mellom anna protokollert i sak «PS 14/21 - Årsrekneskap og årsmelding 2020 for Fitjar kommune - Uttale frå kontrollutvalet».

«Partner i Deloitte AS melde om at det er levert ei rein revisjonsberetning og at det er nokre punkt i revisjonsrapport nr.26 som må forbeistrast.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

- 1. Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Fitjar kommune sin årsrekneskap for 2020.*
- 2. På bakgrunn av det som kjem fram i revisjonsrapport nr. 26 frå Deloitte AS ber kontrollutvalet om at rådmannen kjem i møte 01.09.2021 for å gjera greie for kva som er/vil verta gjort i høve tilrådingane i rapporten.»*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å gje uttale til kommunestyret om årsrekneskapen og årsberetninga, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 3.

Vurderingar og verknader

Rådmannen er orientert om at dette er ei sak til møte. Kontrollutvalet må ut i frå det som kjem fram av informasjon i møte vurdere kva ein skal gjera vidare med saka. Er den informasjonen som kjem fram tilfredsstillande kan kontrollutvalet lukke saka. Alternativt kan kontrollutvalet be om ei ny orientering til eit seinare møte.

Revisjonsrapport nr. 26 er vedlagt saka.

Konklusjon

Informasjonen vart teken til orientering.

Fitjar Kommune
Att.: Kontrollutvalget
Rådhuset

Postboks 83
5418 Fitjar

Revisjonsrapport nr. 26
(journalføres)

15. april 2021

REVISJONSRAPPORT 2020

1 Innleiing

Vi har avslutta revisjonen av rekneskapen for 2020, og vil nytt høvet til å gje ei kort tilbakemelding om revisjonsarbeidet og formidla observasjonar som det etter vår vurdering er viktig at leiinga i kommunen er informert om.

Vi har gjennomført dei revisjonshandlingane vi har sett som nødvendige for å få stadfesta at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar og som grunnlag for vår revisjonsmelding.

Deloitte utfører ein risikobasert revisjon. Dette inneber at kontrollmetodar og kontrollomfang vert tilpassa risikoen i organisasjon og rutinar. Vi kartlegg og vurderer difor dei viktigaste økonomi- og rekneskapsrutinane for å identifisera kor det er størst risiko for feil i rekneskapsrapporteringa.

Vi vil presisera at det er leiinga i kommunen som er ansvarleg for å etablera og gjennomføra ein tilfredsstillande intern kontroll. Som ein del av dette skal leiinga sjå til at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og forskrifter og at formues forvaltninga er ordna på ein trygg måte.

Kommunen har gjennomgåande etablert tilfredsstillande rutinar, og det er ikkje avdekkja vesentlege feil eller manglar ved rekneskapsføringa eller årsrekneskapen. Vi opplever dialogen med kommunen som svært open og god, og vi har fått tilgang til all informasjon vi har bede om.

2 Revisjonen gjennom året

Ved interimrevisjonen har vi på nokre utvalde rekneskapsområde kartlagt og testa om vesentlege interne kontrollar har fungert i heile rekneskapsperioden. I tillegg har vi nytta analysar og kontrolltestar som grunnlag for å vurdere kvaliteten på rekneskapen. Vidare har vi utført kontroll av vesentlege inntekts- og kostnadspostar i rekneskapen.

Vi har ikkje avdekkja forhold som var av ein slik karakter eller storleik at dei fører til uvisse med omsyn til den framlagde årsrekneskapen.

Dokumentasjonen på årsrekneskapen som er blitt lagt fram for revisjon har hatt tilfredsstillande kvalitet.

3 Revisjonen av årsoppgjeret

Revisjonen av årsrekneskapen har i stort grad vore retta mot å verifisera balansepostane pr. 31.12.2020. Vi har lagt vekt på å kontrollera at inntekter og gjeld er fullstendige og at eigedelar og utgifter er gyldige. I tillegg har vi avstemt/kontrollert større inntektspostar, som skattar, rammeoverføringar og andre statlege tilskot, og vesentlege kostnader/utbetalingar, som løn, tilskot, avdrag og avskrivningar.

4 Avstemming merverdiavgift

Vi har observert manglande avstemming av merverdiavgifta pr 31.12.2020.

Det er avdekkja avvik mellom innsendt momsoppgåve og det som er ført på tilhørande balansekonto i rekneskapen. Økonomisjefen opplyser at det er momsoppgåva som er feil og rekneskapen som er riktig, og at kommunen har rutine på å korrigere oppgåvene i løpet av våren.

Feilen har ikke effekt på rekneskapen og kommunen opplyser at den vil bli retta i 2021.

Vi anbefaler at kommunen jobber med å få på plass gode kontroll og avstemmingsrutiner i forkant av avslutning av momsterminane slik at ein slepp å sende endringsoppgåder i ettertid.

Avvika er ein indikasjon på svak intern kontroll, og kunne blitt fanga opp av tidsriktige avstemmingsrutinar.

5 Avslutning

Dersom noko skulle vere uklårt i framstillinga ovanfor, eller at det er trong for hjelp i samband med konkretisering og gjennomføring av tilrådde tiltak eller andre forhold, står vi gjerne til teneste.

Med venleg helsing
Deloitte AS

Else Holst-Larsen
statsautorisert revisor

Kopi: Rådmann

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Else Holst-Larsen

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5992-4-2705162

IP: 217.173.xxx.xxx

2021-04-15 12:31:39Z



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2014/34-66
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	21/21	01.09.2021

Rogaland Revisjon IKS - Vurdering av om Fitjar kommune skal gå inn som eigar

Forslag til innstilling

1. Kommunestyret ønskjer ikkje å gå inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS då det heller ikkje no ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad for Fitjar kommune med ei slik ordning.
2. Kommunestyret tar ikkje opp saka til ny vurdering før det eventuelt ligg føre meir informasjon frå Rogaland Revisjon IKS.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal vurdere om Fitjar kommune skal søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS for å få dei til å gjennomføre alle revisjonstenestene for kommunen.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Fitjar kommune gjorde slikt vedtak i sak PS 64/20 i møte 30.09.2020:

«Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å gjennomføre ny konkurranse i høve val av revisor for Fitjar kommune. Tidsramma må leggjast slik at den som vert valt ut frå konkurransen, er revisor fom. 01.07.2021. Fullmakta omfattar gjennomføring av heile prosessen, herunder:

- *Utarbeiding og godkjenning av tilbodsdokument*
- *Knytte til seg naudsynt hjelp.*
- *Vurdera mottekne tilbod og innstilla overfor kommunestyret på val av revisor.*

Kommunestyret ynskjer at Kontrollutvalet også vurderer om Fitjar kommune, til liks med Sveio, skal gå inn i Rogaland revisjon. Kommunestyret bed Kontrollutvalet om å komma tilbake med ei eiga sak på dette innan kommunestyremøtet i desember 2020.»

Det er det siste avsnittet i vedtaket denne saka skal omhandle.

Til møte i kontrollutvalet i Fitjar kommune 27.11.2020 stod det m.a. dette:

«Rogaland Revisjon IKS, som kommunestyret har bede kontrollutvalet om å vurdere spesielt:

- *Hovudkontor i Stavanger*
- *Her er 23 tilsette*
- *Dekkar 14 kommunar i søre Rogaland, inkludert Rogaland fylkeskommune*
- *Det er vidare gjort vedtak om at 9 kommunar i Haugalandet / Etne / Sveio søkjer om å bli eigar i selskapet og få sine revisjonstenester utført hjå dei frå 01.07.2021*

Sekretariatet har send skriftleg førespurnad (vedlegg 1) til revisjonsdirektør i Rogaland Revisjon IKS, Rune Haukaas, der vi har bede om å få tilsend ein del økonomisk informasjon som kan bidra til at vi kan samanlikna med det som ligg i kontrakten med dagens avtale med privat revisor. I dette ligg det at vi har bede om å få ein estimert totalpris på kva det vil koste Fitjar kommune pr. år å bruke Rogaland Revisjon IKS, samt kor mange timar til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester som er lagt inn i denne totalprisen.

Vi har motteke svar frå Rogaland Revisjon IKS (vedlegg 2). I svaret kjem det fram at dei meiner det er vanskeleg å komme med svar på ein estimert totalpris, så det har vi ikkje motteke. Vi har også bede om å få opplyst kva timepris dei nyttar og der svarer dei at deira timepris ligg på, kr. 960,- for eigarkommunar og kr. 1015,- for andre enn eigarkommunar. Vidare har vi bede opplyst om kva Fitjar kommune kan rekne med å måtte betale i innskot dersom dei skulle velgje å gå inn som eigar i selskapet. Her er svaret at Fitjar kommune truleg vil måtte betale omtrent kr. 30-40.000.

Dersom Fitjar kommunestyre 09.12.2020 går inn for å søkje opptak som eigar i Rogaland Revisjon IKS har vi også utfordra dei på å seie noko om dei trur at dei kan ta over revisjonsansvaret for Fitjar kommune frå 01.07.2021. På dette svarar dei slik:

«Status for vår del er som nevnt innledningsvis at Rogaland Revisjon IKS er i en prosess om å behandle opptak av 9 nye kommuner. Dette tar noe tid, og våre eiere har signalisert at de vil ha en samkjørt prosess, med én samlet revisjon av avtaleverk m.m som vedtas i kommunestyrene i alle våre eiere.

Dersom det søkes om opptak, er vi noe usikre på om Stord og Fitjar vil rekke denne «opptaksrunden» og dermed holde med den fremdriftsplan som skisseres (Dette beror ikke bare på Rogaland Revisjon IKS).

Det beste for våre eiere vil være dette opptaket samlet med de andre, men ut ifra en praktisk vinkling kan imidlertid være enklere å gjennomføre et opptak med virkning fra og med 1.7.2022.»

Vi tolkar dette svaret slik at det er lite sannsynleg at Rogaland Revisjon IKS eventuelt vil kunne overta revisjonsansvaret for Fitjar kommune så tidleg som 01.07.2021.»

Kommunestyret i Fitjar kommune fatta slikt vedtak 09.12.2020 i sak 85/2020 på bakgrunn av innstilling frå kontrollutvalet:

1. *«Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.*
2. *Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Fitjar kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.*
3. *Fram til ny vurdering, held Fitjar kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.»*

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å gjennomføre prosess med val av revisjonsordning og lage innstilling til kommunestyret, medan det er kommunestyret sjølv som gjer vedtak, jf. kommunelova § 24-1.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over sende sekretariatet slik e-post til Rogaland Revisjon IKS 08.03.2021:

«Vi skal no førebu ny sak til kontrollutvalet på bakgrunn av punkt 2 i vedtaket over. Utgangspunktet vil vera at den valde revisor skal utføre alle aktuelle revisjonsoppgåver i tråd med m.a. kommunelova kapittel 24, tilhøyrande forskrift, anerkjende revisjonsstandardar og god revisjonsskikk. Eit honorar som fastpris pr år i tråd med punkt 1 nedanfor skal avspegle dette og punktet vil difor ikkje vera uttømmende.

På bakgrunn av dette ber vi om å få tilsend følgjande informasjon:

1. *Honorar som fastpris pr. år for rekneskapsrevisjon mv. som skal innehalde m.a. følgjande:*
 - a. *Årsrekneskap, inkludert eventuelle kommunale føretak*
 - b. *Alle prosjektrekneskapar og liknande*
 - c. *Konsolidert rekneskap*
 - d. *Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltning og vesentlege budsjettavvik*
 - e. *Kontroll av finansreglement*
 - f. *Alle attestasjonsoppgåver, mva. komp., statlege tilskot, refusjonskrav, prosjekt, fond, EU prosjekt (både som lead partner og ikkje lead partner) og andre liknande oppgåver. Dette gjeld både interne attestasjonar og attestasjonar frå ekstern tredjepart. Estimert til ca. 10 - 15 pr. år for Fitjar og ca. 25 - 30 pr. år for Stord*
 - g. *Rettleiing og bistand til kommunen på inntil 1 time pr henvending*
 - h. *2 x 2 timars kurs pr år for kontrollutvalet eller andre i kommunen*
 - i. *Normalt fysisk møteplikt i alle møter i kontrollutvalet*
 - j. *Naudsynte møter med kommuneadministrasjonen anslagsvis 4 gonger pr. år*
 - k. *Normalt fysisk møteplikt i kommunestyret når saker som har tilknytting til REVISOR sitt oppdrag skal handsamast.*
 - l. *Reisetid og reisekostnader*

2. Honorar pr år for forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester. I dette må det også komme fram kor mange timar dette utgjer totalt pr. år.
3. Kva reguleringsklausul vil verta nytta i høve prisar?
4. Kva vil det koste dersom ein medlemskommune vil gå ut som eigar på eit seinare tidspunkt?
 - a. Generelle kostnader for å tre ut?
 - b. Pensjonskostnader for dåverande tilsette og tidlegare tilsette?»

Vi mottok slikt svar frå Rogaland Revisjon IKS 10.06.2021:

«Det vises til vårt svar av 16. november 2020 fra Christian J Friestad. Vi søkte da å svare dere best mulig ut i fra de opplysningene vi fikk.
Det vises også til samtaler høsten 2020 med Hogne Haktorson.

Det er ikke mulig for oss å gi en eksakt fastsatt pris basert på deres forespørsel, da oppgavenes omfang ikke er tilstrekkelig spesifisert.
Vi leverer til våre eiere heller ikke etter fast pris, men basert på faktisk påløpte timer. Dette kan variere mellom kommunene og fra år til år, eksempelvis ved oppfølging av særskilte saker. Arbeidets omfang vil også være avhengig av hvordan kommunen overleverer regnskap med dokumentasjon o.l. Vi oversender i forkant av revisjon en oversikt over hva vi forventer kommunen skal ha klart.
Revisjon av prosjektregnskap vil avhenge av antall, kvalitet på overleverte regnskap, omfanget og type av prosjektregnskap. Eksempelvis er det relativt mye arbeid med oppfølging av Eu-prosjekter.

Det er kontrollutvalget i den enkelte kommune som i utgangspunktet setter budsjetttrammer for det arbeidet som skal utføres og vi rapporterer på dette hvert tertial (30.04, 31.07.og 31.12) Vi fakturerer påløpt arbeid hver måned.

Vi har hatt som praksis at reisetid faktureres, mens andre reisekostnader ikke har blitt fakturert.

Vår timepris er for eierkommuner kr 960 og for andre relaterte virksomheter kr 1015. Denne prisene har vært uendret de siste 3 år og representantskapet har for budsjett 2020 vedtatt å øke dette med kr 100 per time.
Det er altså eierkommunene via representantskap som regulerer pris.

Ved inntreden vil en betale et innskudd som føres i investeringsregnskapet og balanseføres. Det er ved de 2 siste eieropptak satt til kr 12,80 per innbygger.
Ved en evt senere uttreden vil dette i samsvar med lov om interkommunale selskap bli tilbakebetalt, og de gjenværende eiere har fullt ut ansvar for selskapets forpliktelser. For ordens skyld nevnes at vi har balanseført våre pensjonsforpliktelser.

Som dere er kjent med får vi 9 nye eiere fra og med 01.07 2021. Vårt fokus nå er å implementere dette på en god måte. Et ev opptak av nye eiere bør derfor uansett avventes noe.»

Sekretariatet si vurdering:

Svaret frå Rogaland Revisjon IKS gjer ikkje svar på alle dei spørsmåla som vart stilt. Det går fram kva timepris dei tar for timebaserte tenester, men det går ikkje fram kva den totale rekneskapsrevisjonen vil koste Fitjar kommune pr. år, herunder og t.d. kva årskostnaden med anslagsvis 10-15 attestasjonsoppgåver pr. år vil vera. Vidare går det fram at det ved dei to siste eigaropptaka kosta kr. 12,80 pr. innbyggjar i innskot, dvs. i tilfelle ca. kr. 40 800 for Fitjar kommune. Det er heller ikkje svart på kva det i tilfelle vil koste dersom Fitjar kommune på eit seinare tidspunkt skulle ønskje å trekke seg ut av samarbeidet, t.d. når det gjeld framtidige pensjonskostnader for noverande og tidlegare tilsette. Sekretariatet si erfaring med slike prosessar frå andre kommunar, er at dette kan dreie seg om store beløp.

På slutten av svaret går det fram at eit eventuelt opptak av nye eigarar bør avvastast noko utan at det er definert kva det betyr.

Slik sekretariatet ser det ligg det heller ikkje no føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS. Med dagens avtale med ekstern revisor er det føreseieleg kva revisjonskostnader Fitjar kommune vil ha dei neste 4 åra. Kontrollutvalet bør difor ikkje tilrå at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS før det ligg føre nok informasjon om kva det i tilfelle vil koste totalt pr. år.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet innstiller på at kommunestyret ikkje går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS då det heller ikkje no ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig total revisjonskostnad for Fitjar kommune med ei slik ordning.

Vidare vert det tilrådd at kommunestyret vedtar at saka ikkje vert tatt opp til ny vurdering før det eventuelt ligg føre meir informasjon frå Rogaland Revisjon IKS.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/174-7
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	22/21	01.09.2021

Budsjett 2022 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2022.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjett til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «*Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet*» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for kontrollutvalet, som er vedteke av kommunestyret 29.10.2019 står det mellom anna:

Kontrollutvalet har eige budsjett og er budsjettansvarleg. Leiar eller nestleiar har fullmakt til å tilvise rekningar for kontrollutvalet.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2022. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Lovgrunnlag.

§ 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
